

# Fjaler kontrollutval

*SEKOM-sekretariat*

*www.sekom.no | post@sekom.no*

## Møteinnkalling

**Møtedato:** 12.01.2015  
**Møtestad:** Fjaler kommunehus, møterom 344  
**Møtetid:** Kl. 09:00

**Innkalling:** Faste medlemar i utvalet, dagleg leiar i Vevang produksjon AS i sak 3/15, rådmannen i sakene 4-5/15.

Dersom du ikkje kan møte: Meld frå på e-post: [arva@sekom.no](mailto:arva@sekom.no)  
Audhild Ragni Vie Alme, tlf: 57612785 mobil: 971 70 064)

Varamedlemar møter etter nærare innkalling.

### Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
001/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/15	Skriv og meldingar 12.1.2015
003/15	Orientering om Vevang produksjon AS
004/15	Val og tinging av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt
005/15	Reglement for Fjaler kontrollutval med reglement for høyring
006/15	Møteplan 2015 for Fjaler kontrollutval
007/15	Årsmelding 2014 - Fjaler kontrollutval
008/15	Oppfølgingsliste 1-2015
009/15	Eventuelt

Med helsing

Magne Norddal  
Leiar

# SEKOM-sekretariat

<b>Saksgang</b> Fjaler kontrollutval	<b>Møtedato</b> 12.01.2015	<b>Saksnr</b> 001/15
-----------------------------------------	-------------------------------	-------------------------

<b>Sakshandsamar:</b> Audhild Ragni Vie Alme	<b>Arkiv:</b> FE-	<b>Arkivsaknr.:</b> 15/9
-------------------------------------------------	----------------------	-----------------------------

## Godkjenning av innkalling og sakliste

### Vedlegg:

Ingen vedlegg i saka.

### Tilråding:

*(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).*

Innkalling og sakliste vert godkjent.

# SEKOM-sekretariat

<b>Saksgang</b> Fjaler kontrollutval	<b>Møtedato</b> 12.01.2015	<b>Saksnr</b> 002/15
-----------------------------------------	-------------------------------	-------------------------

<b>Sakshandsamar:</b> Audhild Ragni Vie Alme	<b>Arkiv:</b> FE-033	<b>Arkivsaknr.:</b> 14/311
-------------------------------------------------	-------------------------	-------------------------------

## Skriv og meldingar 12.1.2015

### Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
23.12.2014	KOM-091/14 Politisk organisering og godtgjerlse 2015-2019, handsama 15.12.2014	1166
23.12.2014	KOM-098/14 Forvaltningsrevisjonsprosjekt Fjaler kommune - Rutinar rundt sjukefråvær, handsama 15.12.2014	1167
23.12.2014	KOM-100/14 Budsjett 2015 - Økonomiplan 2015-2018, handsama 15.12.2014	1168
23.12.2014	KOM-101/14 Arbeid med innsparingar 2014-2015, handsama 15.12.2014	1169
28.11.2014	Beskytt kommunen! Håndbok i antikorrupsjon	978

### Tilråding:

*(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).*

Skriv og meldingar vert teke til orientering.

**Fra:** Ola Hovland  
**Sendt:** 2. desember 2014 18:22  
**Til:** Sekom postmottak  
**Emne:** Tilsyn Fjaler  
**Vedlegg:** Tilsyn - HAFS interkommunale barnevernteneste (L)(183264).pdf

Hei

Sender eit døme på resultat etter tilsyn. Vi har hatt nokre tilsyn tidlegare i år der eg no rettar spørsmål til om kontrollutvalet ynskjer desse rapportane?

Med helsing

**Ola Hovland**  
rådmann

tlf. +47 57738055/+47 95894683



-----  
Fjaler kommune <<http://www.fjaler.kommune.no/>>



Arbeidstilsynet

VÅR DATO  
27.11.2014  
DYKKAR DATO

VÅR REFERANSE  
2014/83807  
DYKKAR REFERANSE

1 av 3

VÅR SAKSBEHANDLAR  
Oddvar Mikalsen, tlf. 95816314

FJALER KOMMUNE

FJALER KOMMUNE  
Postboks 54  
6961 DALE I SUNNFJORD

14/1258	2	
1 DES 2014		
ARKIVKODE	440	
SAR. T.	MAL	TE RAD
TE		GRAD.
FVL		SAR. T.
CHW, SIH, OTH		

## Tilsyn - HAFS INTERKOMM BARNEVERN TENESTE

Vi viser til tilsynet hos verksemda den 11.11.2014.

### Føremålet med tilsynet

Formålet med tilsynet var å rette spesiell merksemd mot korleis leiinga, verneombodet og dei tillitsvalde samarbeider for å få til gode arbeidsvilkår og eit helsefremmande arbeidsmiljø.

Tema i tilsynet var blant anna

- omstilling og endring
- bruk av ulike tilknytingsformer
- bruk og utforming av arbeidstidsordningar
- bruk og utvikling av nødvendig kompetanse

Det blei også spurt etter meir konkret informasjon om

- fordeling av roller, oppgåver, ansvar og myndigheit i helse-, miljø- og sikkerheitsarbeidet (HMS-arbeidet)
- kartlegging, risikovurdering, plan og tiltak
- vurdering av konsekvensar for arbeidsmiljøet ved endring og omstilling
- bruk av mellombels tilsette, vikarar og innleigd arbeidskraft
- arbeidstidsordningar
- opplæring for å løyse oppgåvene i verksemda
- handtering av vald og truslar
- smittevern
- bruk av godkjend bedriftshelseteneste

### Oppsummering av tilsynet

Kontrollen vart utført på/ved:

6961 DALE I SUNNFJORD



Til stades frå verksemda: Charlotte Willemoès (leiar barnevernet), Sidsel Høydal (verneombod barnevernet og hvo) og Silje Myklebust (tillitsvald).

Til stades frå Arbeidstilsynet: Oddvar Mikalsen (seniorinspektør).

Barnevernet er generelt ei verksemd som har stor risiko for helsemessige belastningar. Det er derfor svært viktig at det blir gjennomført tiltak for å motverke tap av helse. Arbeidstilsynet fekk inntrykk av at Hafs barnevernsteneste har tiltak som er helsefremmande.

Leiar ved barnevernet skal gjennomføre HMS-opplæring. Leiar mente at dei får god HMS-støtte frå rådmannen.

I tilsynet fekk vi bl.a. opplyst følgjande som leiar, verneombod og tilsette mente var bra for arbeidsmiljøet:

- HMS er tema
- open dør
- gode vernerundar
- rom for å snakke saman
- det er alltid 2 saksbehandlarar (nr. 1 og nr. 2) på alle saker (kanskje det vitigaste tiltaket mente dei)
- saksbehandlar nr. 2 får også opp sakane i sitt saksbilde, men i ein annan farge ein nr. 1-sakane
- alle nye saker og spesielle saker blir risikovurdert
- faste møte med vo

Leiar og tilsette meina at det er eit godt arbeidsmiljø i barnevernet. Verneombod har ikkje høyrte at det er noko som tilseier noko anna.

Verneombodet mente at det er gode arbeidsforhold for å arbeide med HMS i kommunen. Det er laga etiske retningslinjer for verneomboda i kommunen som er med å avklare rollekonfliktar som eit verneombod kan oppleve.

Barnevernet har mange saker kvart år og mykje å gjere, men slik det er no meiner dei at dei klarer å handtere dette utan negativt stress. Verksemda meinte at noko av dette kan grunnas i at det er to personar på alle saker, god dialog og flat struktur i organisasjonen.

Arbeidstilsynet fann ikkje brot på regelverket for dei forholda som vi gjekk gjennom.

### **Informasjon til verneombodet**

Verneombodet skal gjerast kjent med vedtak frå Arbeidstilsynet, jf. arbeidsmiljølova §§ 6-2 sjette ledd og 18-6 åttande ledd. Vi har sendt ein eigen kopi av dette brevet til verneombodet. Dersom verksemda ikkje har verneombod, skal arbeidsgivaren gi kopien til representanten for dei tilsette.



## Har de behov for meir informasjon?

De finn meir informasjon om Arbeidstilsynet og om regelverket på [www.arbeidstilsynet.no](http://www.arbeidstilsynet.no) og [www.regelhjelp.no](http://www.regelhjelp.no). De kan også kontakte oss på telefon 815 48 222. Dersom de har spørsmål til saka, kontakt sakshandsamaren, oppgi referansenummeret 2014/83807.

Med helsing  
Arbeidstilsynet

Rune Joar Ravnestad  
tilsynsleder  
(sign.)

Oddvar Mikalsen  
seniorinspektør  
(sign.)

*Dette brevet er godkjent elektronisk i Arbeidstilsynet og har derfor ingen signatur.*

Kopi til:  
Verneombodet i verksemda  
HAFS INTERKOMM BARNEVERNSTENESTE, Postboks 54, 6961 DALE I SUNNFJORD

Returadresse  
Arbeidstilsynet, Postboks 4720 Sluppen  
7468 Trondheim

99

FJALER KOMMUNE  
Postboks 54  
6961 DALE I SUNNFJORD

99 1  
713 1 1000



0/13660000000





## Politisk organisering og godtgjersle 2015-2019

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m. Kommunestyret	Møtedato 15.12.2014	Saksnr <b>091/14</b>	Saksansvarleg MAL
Arkivsaknr 09/1112	Sakshandsamar Martin Lundgård	Arkiv K1-082	

### NEMDA SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Fjaler kommunestyre skal ha 23 mandatar i valperioden 2015 -2019

Framlegg til nytt reglement for godtgjersle til folkevalde i Fjaler vert vedteke.

### 15.12.2014 KOMMUNESTYRET

#### Handsaming i møtet:

Nemnda sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### KOM-091/14 VEDTAK:

Fjaler kommunestyre skal ha 23 mandatar i valperioden 2015 -2019

Framlegg til nytt reglement for godtgjersle til folkevalde i Fjaler vert vedteke.

### Trykte vedlegg i saka

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
34	X	26.11.2014		REGLEMENT FOR GODTGJERSLE TIL FOLKEVALDE OG POLITISKE PARTI I FJALER KOMMUNE
33	X	26.11.2014		REGLEMENT FOR GODTGJERSLE TIL FOLKEVALDE OG POLITISKE PARTI I FJALER KOMMUNE

## **Ikkje trykte vedlegg i saka**

### **SAKSUTGREIING:**

Gjeldande reglement vart vedteke i kommunestyret i sak 067/11

Kommunestyret valde ei nemnd på tre representantar; Harald Vik, Odd Helge Aase og Hege Vosseteig Brattelid i kommunestyret 16.06.14 for å førebu sak om politisk organisering og godtgjersle 2015-19.

Reglement for godtgjersle skal vedtakast av sitjande kommunestyre før nytt vert valt. Nytt reglement skal gjelde frå start av ny kommunestyreperiode.

Nemnda har hatt eitt møte, samt noko kommunikasjon på epost.

Nemnda har i arbeidet i hovudsak teke utgangspunkt i det gamle reglementet.

### **VURDERING:**

#### **Tal kommunestyrerepresentantar:**

Nemnda har vurdert storleiken på kommunestyret, men har vald å innstille på å halde tal representantar uendra. Omsynet til brei representasjon, både frå parti og frå dei ulike grendene i Fjaler må vege tyngst, særleg med tanke på prosessen med kommunesamanslåingar som vil vere sentralt tema for neste kommunestyreperiode. Når det gjeld kostnaden med kommunestyrerepresentantar er dette vanskeleg å talfeste, då ein ikkje veit kven som vert vald inn i neste periode. Dersom ein tek utgangspunkt i dagens kommunestyre er kostnaden om lag 10 000 per representant per år. (Møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste). I tillegg kjem servering ved kommunestyremøter og avslutningar, iPad, opplæringskostnadar med meir, slik at ein kan snakke om ei årleg innsparing på mellom 40 000 og 60 000 ved å ha t.d 19 i staden for 23 mandatar.

#### **Godtgjersle til folkevalde:**

Nemnda har, og etter innspel frå Administrasjonen, lagt om systemet for godtgjersle, slik at det vert utbetalt faste godtgjersler. Dette vil gjere det enklare både for politikarane, men i særdelesheit administrasjonen som ikkje treng å nytte store ressursar for å følgje opp lister og betale ut møtegodtgjersle for enkeltmøte.

Satsane er knytt opp mot ordførargodtgjersla for å minimere arbeidet med justering av satsane.

Nemnda legg opp til at nivået for godtgjersle skal ligge på om lag same nivå som i dag. Telefongodtgjersle vert teken vekk, og lagt inn i den faste godtgjersla

#### **Økonomisk støtte til partia:**

For å stimulere lokale folkevalde til politisk arbeid, er det lagt som føresetnad gjennom rammeoverføringa at kommunen skal betale ut støtte til dei politiske partia.

Kommunen bestemmer sjølv størrelsen på tilskotet.

I Fjaler kommune sitt reglement frå 2011 er dei årlege løyvingane til partia på 46 100 kr.

Stønaden skal gjevast i høve til oppslutnaden dei ulike folkevalde gruppene fekk ved kommunevalet. Det er opp til kommunen å avgjere om røystetal ved siste kommunestyreval eller mandattfordelinga skal være utgangspunktet for fordelinga av støtta, sjølv om deling etter røystetal vil være mest i samsvar med ordlyden i lova ("deres oppslutning ved valget"). Det er opning for at noko av støtta kan gjevast som eit flatt, ikkje-differensiert, grunntilskot på inntil 10 % av samla stønad, og eit samrøystes kommunestyre kan auke denne delen til 20 %, jf uttale frå Partilovnemnda, jf rundskriv frå KRD.

«En klar hovedvekt av støtta må fordeles i samsvar med stemmetall eller antall representanter, dvs. at den må fordeles forholdsmessig. Et sikkert utgangspunkt vil da være lovens ordning for fordeling av statlig grunnstøtte og stemmestøtte, frå om det nok kan være anledning for den enkelte kommune å frå grunnstøtta opp mot 20 prosent, om dette også har tilslutning frå de partiene som da vil få noe mindre enn de etter en absolutt forholdsmessig fordeling skulle hatt.»

Dette vil si at dagens ordning ikkje er i samsvar med partilova, og må endrast.

Nemnda går inn for at tilskotet til dei politiske partia i kommunestyret vert sett til 46 000 for perioden 2015 -19, 20% vert fordelt som grunntilskot og det øvrige vert fordelt etter røystetal.

Utrekning:

	<b>A</b>	<b>SV</b>	<b>SP</b>	<b>KRF</b>	<b>V</b>	<b>H</b>
Røyster (Val 2011)	633	78	257	65	172	173
Mandatar	11	1	4	1	3	3
Grunntilskot (20%)	1 533	1 533	1 533	1 533	1 533	1 533
Sum stønad	18 438	3 616	8 397	3 269	6 127	6 153
Dagens ordning	12 700	5 700	7 800	5 700	7 100	7 100



## Forvaltningsrevisjonsprosjekt: Rutinar rundt sjukefråvær

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m. Kommunestyret	Møtedato 15.12.2014	Saksnr <b>098/14</b>	Saksansvarleg OLH
Arkivsaknr 14/138	Sakshandsamar Ola Hovland	Arkiv K1-216	

### KONTROLLUTVALET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet viser til forvaltningsrevisjonsrapport «Rutinar rundt sjukefråvær – Fjaler kommune» datert 20.10.2014, og sender rapporten over til kommunestyret for handsaming med følgjande tilråding om vedtak:

Kommunestyret tek forvaltningsrevisjonsrapport «Rutinar rundt sjukefråvær – Fjaler kommune» datert 20.10.2014 til orientering, og ber rådmannen ta tilrådingane frå revisor med seg i det vidare arbeidet for å sikre at oppfølging av sjukmeldte skjer innanfor aktuelle fristar.

Rådmannen vil innan 1.7.2015 informere kontrollutvalet om kva som er gjort i forhold til tilrådingane i rapporten.

### 15.12.2014 KOMMUNESTYRET

#### **Handsaming i møtet:**

Kontrollutvalet sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### **KOM-098/14 VEDTAK:**

Kontrollutvalet viser til forvaltningsrevisjonsrapport «Rutinar rundt sjukefråvær – Fjaler kommune» datert 20.10.2014, og sender rapporten over til kommunestyret for handsaming med følgjande tilråding om vedtak:

Kommunestyret tek forvaltningsrevisjonsrapport «Rutinar rundt sjukefråvær – Fjaler kommune» datert 20.10.2014 til orientering, og ber rådmannen ta tilrådingane frå revisor med seg i det vidare arbeidet for å sikre at oppfølging av sjukmeldte skjer innanfor aktuelle fristar.

Rådmannen vil innan 1.7.2015 informere kontrollutvalet om kva som er gjort i forhold til tilrådingane i rapporten.

**Trykte vedlegg i saka**

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
9	U	16.10.2014	Kryssrevisjon v/Stig Årdal	Vårt svar på rapport til høyring
10	I	13.11.2014	Sekom-sekretariatet	Forvaltningsrevisjonsprosjekt - Rutinar rundt sjukefråvær

## **Ikkje trykte vedlegg i saka**

### **SAKSUTGREIING:**

Det vert vist til møte i kontrollutvalet den 12.11.14, sak 30/14 med tilhøyrande vedlegg.

### **KOMMENTARAR FRÅ RÅDMANNEN:**

Rådmannen har hatt høve til å kommentere rapporten før slutthandsaming i kontrollutvalet, jf vedlagt e-post datert 16.10.14. Om oppfølging av sjukemelde er dette kommentert under problemstilling 4.

*Når det gjelder rutinar rundt oppfølging av sjukemelde har vi i løpet av året drøfta dette i leiarmøte der alle med oppfølgingsansvar deltek. Nav har mellom anna utvikla ein app som er eit nyttig hjelpeverktøy til å halde tidsfristar og følgje rutinane.*

*I tillegg kan namnast arbeid med innføring av elektronisk kvalitetssystem som vil gi betydeleg betre og enklare tilgang til rutinar, dokumentasjon, avvikshandsaming og risikoanalyser.*

Rådmannen tek rapporten til orientering.



## Budsjett 2015 - Økonomiplan 2015 - 2018

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansvarleg
Formannskapet	02.12.2014	<b>102/14</b>	AMY
Kommunestyret	15.12.2014	<b>100/14</b>	AMY

---

Arkivsaknr	Sakshandsamar	Arkiv
14/1190	Annikken Myklebust	K1-151

---

### RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Økonomiplanen sitt fyrste år gjeld som årsbudsjett for 2015

Drift:

Økonomiplanen for 2015-2018 vert vedteken med fylgjande hovudtal:

Tal i 1000 kr	Årsbudsjett	Økonomiplan		
	2015	2016	2017	2018
Skatt på inntekt og formue	-56 430	-56 430	-56 430	-56 430
Rammetilskot	-122 000	-122 499	-122 499	-122 499
Eigedomsskatt	-5 242	-5 748	-5 748	-5 748
Andre frie inntekter	-1 480	-1 402	-1 324	-1 240
<b>Sum frie inntekter</b>	<b>-185 152</b>	<b>-186 079</b>	<b>-186 001</b>	<b>-185 917</b>
Netto rente og avdragsutgifter	11 009	11 719	11 953	11 718
<b>Til fordeling driftråmer</b>	<b>-174 143</b>	<b>-174 360</b>	<b>-174 048</b>	<b>-174 199</b>
Fordelt til netto driftråmer	174 143	172 843	172 943	172 843
Netto avsetjing		1 517	1 105	1 356
<b>Balanse</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

Investering:

Formannskapet vedtek fylgjande investeringsprogram

Tal i 1000 kr	Årsbudsjett	Økonomiplan		
	2014	2015	2016	2017
Ordinære investeringar	21 730	26 900	17 450	4 800
Sjølvfinansierande investeringar	300			
<b>Sum investeringsråme</b>	<b>22 030</b>	<b>26 900</b>	<b>17 450</b>	<b>4 800</b>

Investeringane vert finansiert slik:

Tal i 1000 kr	Årsbudsjett	Økonomiplan		
	2014	2015	2016	2017
Kapitalfond	300	300	300	300
Momskompensasjon	3 185	4 280	2 700	720
Låneopptak	18 545	22 320	14 450	3 780
<b>Sum investeringsråme</b>	<b>22 030</b>	<b>26 900</b>	<b>17 450</b>	<b>4 800</b>

Rådmannen får løyve til å gjere låneopptak innanfor vedteken råde for 2015.

## 02.12.2014 FORMANNSKAPET

### Handsaming i møtet:

#### Framlegg frå Kjetil Felde (SP):

#### **Redusere investeringsbudsjett innan følgjande postar med totalsum kr 4.075.000:**

- Nye vindauge Fjalerhuset: skyvast til 2016.  
**Røysting:** Falt mot ei røyst
- Gateadresse skyvast til 2016  
**Røysting:** Falt mot ei røyst
- klatrepark – strykast.  
**Røysting:** Falt mot ei røyst
- Gravemaskin – strykast.  
**Røysting:** Framlegget vart samrøystes vedteke.
- Ipad til kommunestyret reduserast med kr 75.000,-,  
**Røysting:** Falt mot ei røyst

#### **Redusere driftsbudsjettet såleis:**

- Redusere driftstilskotet til Fjalerhallen med kr 125.000.  
**Røysting:** Falt mot ei røyst

#### **Tillegg frå ordførar Arve Helle (AP):**

Ein drøfta verddivurdering av aksjar i Sunnfjord Energi. Spørsmålet vert å realitetshandsame i kommunestyret 15.12.

Deretter vart rådmannen sitt framlegg samrøystes vedteke.

#### **FOR-102/14 FRAMLEGG TIL KOMMUNESTYRET:**

Økonomiplanen sitt fyrste år gjeld som årsbudsjett for 2015

Drift:

Økonomiplanen for 2015-2018 vert vedteken med fylgjande hovudtal:

	Årsbudsjett	Økonomiplan		
Tal i 1000 kr	2015	2016	2017	2018
Skatt på inntekt og formue	-56 430	-56 430	-56 430	-56 430
Rammetilskot	-122 000	-122 499	-122 499	-122 499
Eigedomsskatt	-5 242	-5 748	-5 748	-5 748
Andre frie inntekter	-1 480	-1 402	-1 324	-1 240
<b>Sum frie inntekter</b>	<b>-185 152</b>	<b>-186 079</b>	<b>-186 001</b>	<b>-185 917</b>
Netto rente og avdragsutgifter	11 009	11 719	11 953	11 718
<b>Til fordeling driftråmer</b>	<b>-174 143</b>	<b>-174 360</b>	<b>-174 048</b>	<b>-174 199</b>
Fordelt til netto driftråmer	174 143	172 843	172 943	172 843
Netto avsetjing		1 517	1 105	1 356
<b>Balanse</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

Investering:

Formannskapet vedtek fylgjande investeringsprogram

	Årsbudsjett	Økonomiplan		
Tal i 1000 kr	2014	2015	2016	2017
Ordinære investeringar	21 730	26 900	17 450	4 800
Sjølvfinansierande investeringar	300			
<b>Sum investeringsråme</b>	<b>22.030</b>	<b>26 900</b>	<b>17 450</b>	<b>4 800</b>

Investeringane vert finansierte slik:

	Årsbudsjett	Økonomiplan		
Tal i 1000 kr	2014	2015	2016	2017
Kapitalfond	300	300	300	300
Momskompensasjon	3 185	4 280	2 700	720
Låneopptak	18 545	22 320	14 450	3 780
<b>Sum investeringsråme</b>	<b>22 030</b>	<b>26 900</b>	<b>17 450</b>	<b>4 800</b>

Kjøp av gravemaskin vart teken ut av investeringsbudsjettet. Dette reduserer investeringsråma med kr 1 mill.

Rådmannen får løyve til å gjere låneopptak innanfor vedteken råme for 2015.

## 15.12.2014 KOMMUNESTYRET

### Handsaming i møtet:

Framlegg frå SP v/Kjartan Åsnes:

Driftstilskot Fjalerhallen blir redusert med kr 75.000,-

Driftstilskot til Norddalen skisenter blir sett til kr 16.000



**Røysting:**

Framlegget frå SP fall mot 4 røyster.

Framlegg frå SP v/Kjartan Åsnes til investeringsbudsjettet:

- Gateadresse blir utsett til 2016
- Glas Fjalerhuset utsett til 2016
- Klatrepark i Dale blir teke ut
- Vevang Dagsenter blir teke ut

**Røysting:**

Framlegget frå SP fall mot 8 røyster.

Framlegg frå AP v/Nina Yndestad til investeringsbudsjettet

- klatrepark inntil kr 200.000,-
- Gravemaskin kr 1.000.000,- 2016.

**Røysting:**

Framlegget frå AP vart vedteke med 15 røyster – 8 røysta mot.

Framlegg frå Høgre v/Marita Solheim:

Kommunestyret ber rådmannen å sonde markedet, for å avklare verdien på Fjaler kommune sine aksjar i Sunnfjord Energi. Dette enten aleine for Fjaler kommune, eller og eventuelt i samarbeid med andre eigar kommunar.

**Røysting:**

Framlegget frå Høgre vart vedteke med 16 røyster – 7 røysta mot.

Formannskapet sitt framlegg til budsjett, med dei endringar som er vedtekne på delavrøystingane, vart samrøystes vedteke.

**KOM-100/14 VEDTAK:**

Økonomiplanen sitt fyrste år gjeld som årsbudsjett for 2015

Drift:

Økonomiplanen for 2015-2018 vert vedteken med fylgjande hovudtal:

<i>Tal i 1000 kr</i>	Økonomiplan			
	Årsbudsjett 2015	2016	2017	2018
Skatt på inntekt og formue	-56 430	-56 430	-56 430	-56 430
Rammetilskot	-122 000	-122 499	-122 499	-122 499
Eigedomsskatt	-5 242	-5 748	-5 748	-5 748
Andre frie inntekter	-1 480	-1 402	-1 324	-1 240
<b>Sum frie inntekter</b>	<b>-185 152</b>	<b>-186 079</b>	<b>-186 001</b>	<b>-185 917</b>
Netto rente og avdragsutgifter	11 009	11 719	11 953	11 718
<b>Til fordeling driffråmer</b>	<b>-174 143</b>	<b>-174 360</b>	<b>-174 048</b>	<b>-174 199</b>
Fordelt til netto driffråmer	174 143	172 843	172 943	172 843
Netto avsetjing		1 517	1 105	1 356
<b>Balanse</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

Investering:

Formannskapet vedtek fylgjande investeringsprogram:

	Årsbudsjett	Økonomiplan		
Tal i 1000 kr	2014	2015	2016	2017
Ordinære investeringar	21 730	26 900	17 450	4 800
Sjølvfinansierande investeringar	300			
<b>Sum investeringsråme</b>	<b>22.030</b>	<b>26 900</b>	<b>17 450</b>	<b>4 800</b>

Investeringane vert finansiert slik:

	Årsbudsjett	Økonomiplan		
Tal i 1000 kr	2014	2015	2016	2017
Kapitalfond	300	300	300	300
Momskompensasjon	3 185	4 280	2 700	720
Låneopptak	18 545	22 320	14 450	3 780
<b>Sum investeringsråme</b>	<b>22 030</b>	<b>26 900</b>	<b>17 450</b>	<b>4 800</b>

Klatrepark vert redusert frå kr 500.000 til inntil kr 200.000 i 2015

Gravemaskin kr 1.000.000,- 2016.

Rådmannen får løyve til å gjere låneopptak innanfor vedteken råme for 2015.

Kommunestyret ber rådmannen å sondere markedet, for å avklare verdien på Fjaler kommune sine aksjar i Sunnfjord Energi. Dette enten aleine for Fjaler kommune, eller og eventuelt i samarbeid med andre eigar kommunar.

### Trykte vedlegg i saka

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
46	I	14.11.2014	Helse og omsorgedepartementet	Brakarstyrd personlig assistanse (BPA) - Endring frå 1. januar 2015
44	I	20.11.2014	Fjaler sokneråd	Tilbakemelding om reduksjon av kommunalt tilskot - Fjaler Sokn
47	N	24.11.2014	Rådmannskontoret - Annikken Myklebust	Budsjett / økonomiplan til formannskapet 02.12.2014

### SAKSUTGREIING:

#### Regjeringa sitt budsjettframlegg for budsjettåret 2015

I Tråd med det som var varsla i kommuneproposisjonen held inntektsveksten i kommunane fram i 2015.

Det vart då varsla vekst i samla inntekter på mellom 4,5 til 5 mrd. Kroner, av dette vekst i frie inntekter på mellom 4,2 og 4,5 mrd. Kroner. I statsbudsjettet 2015 ligg det no inne ein reell vekst i kommunesektoren sine samla inntekter på kr 6,2 mrd. Av veksten er kr 3,9 mrd fordelt til kommunane og kr 0,5 mrd til fylkeskommunane.

Veksttala vil variere mellom kommunane, følgjande punkt påverkar kommunane ulikt:

- Endringar i inntektssystemet
- Endringar folketal og alderssamansetjing
- Endring i regionalpolitiske tilskot
- Endring i tildelt skjønn
- Endring i kriteriedata
- Endring i skatteinntektene ( skattedel og inntektsutjamninga)

### **Veksten i dei frie inntektene skal mellom anna dekke**

Veksten i dei frie inntektene må mellom anna sjåast i samanheng med auka utgifter for kommunesektoren knytt til folketalsutvikling og pensjon. I kommuneproposisjonen for 2015 vart meirutgifta knytt til folketalsvekst og endring i alderssamansetjinga berekna til kr 3,1 mrd. Av dette måtte om lag kr 2,7 mrd finansierast innanfor veksten i frie inntekter. Nye befolkningsframskrivingar vart publisert av SSB i juni 2014. Berekninga utført av departementet tyder på at anslaget for 2015 blir redusert med kr 0,6 mrd. Til kr 2,5 mrd. Av dette må kr 2,1 mrd belastast dei frie inntektene.

### **Pensjon:**

For 2015 har departementet berekna at pensjonsutgiftene vil auke med kr 0,5 mrd utover det som vert kompensert gjennom deflatoren. Den auka kostnaden må dekkast av dei frie inntektene. Anslaget inkluderer kostnadsauken som følgje av nye levealdersføresetnader, og innsparingar for kommunesektoren som følgje av pensjonsreforma og ny uførepensjon. Til saman utgjør demografi- og pensjonskostnader kr 2,6 mrd kroner

### **Helse og Omsorg:**

Tiltak som ligg inne i rammetilskotet og er rekna med i veksten av frie inntekter

- Behov for å styrke helsestasjon- og skulehelsetenesta er innlagt med kr 200 mill.
- Styrking av kommunale tenester til rusavhengige og personar med psykiske lidingar er lagt inn med kr 200 mill

### **I tillegg til desse satsingane er det følgjande endringar:**

- Ei auke i investeringstilskotet til heildøgns omsorgsplassar med ei tilsagnsråme på om lag kr 4 mrd
- Bevilgning til dag tilbod til demente vert auka med kr 130 mill
- Rett til brukarstyrt personleg assistent (BPA) for personar under 67 år med langvarig og stort behov. Dette trer ikraft frå 1. januar 2015 og er kompensert gjennom ramma.
- Øyeblikkelig hjelp døgntilbod i kommunane vert vidare utbygd i 2015
- Kommunal medfinansiering av spesialhelsetenesta vert avvikla frå 2015. Kommuneråma vert redusert med om lag kr 5,9 mrd i 2015 som følgje av dette.
- I tillegg vert kommeråma nedjustert med kr 89 mill for å unngå dobbeltfinansiering ved oppbygging av tilbodet om øyeblikkelig hjelp.

### **Ressurskrevjande helse og sosialtenesster:**

- Innslagspunktet vert auka frå kr1,010 mill til kr 1,080 mill, dvs at det aukar med kr 37 000 utover løns- og prisvekst
- Kompensasjonsgrada er uendra på 80%
- Bevilgninga vert auka me kr 975 mill frå 2014-2015

### **Barnehage og skule:**

- Kr 100 mill av veksten i dei frie inntektene er begrunna med ein auka fleksibilitet i høve barnehageopptaket.
- Det er ynskje om å innføre ein meir sosial profil på foreldrebetalinga i barnehagane ved å føreslå eit nasjonalt minstekrav til redusert foreldrebetaling frå 01.08.2015.
- Maks-prisen i barnehagane aukar frå 01.01.2015 til kr 2 580,-
- Regjeringa ynskjer ei styrka satsing på kompetanseheving for barnehagetilsette i 2015 og føreslår å auke løyvingane til dette føremålet med om lag kr 60 mill på kunnskapsdepartementet sitt budsjett
- Det skal gjennomførast eit lærarløft og ein føreslår å styrke satsinga på vidareutdanning for lærar med kr 144 mill over kunnskapsdepartementet sitt budsjett i 2015. Styrkinga inneber ei auke på 1500 nye studieplassar til vidareutdanning
- Investeringsråma i rentekompensasjonsordninga for skule- og symjeanlegg vert auka med kr 3mrd i 2015.

## **Fjaler kommune sitt budsjettframlegg for 2015**

### **Drift:**

Fjaler kommune har ein vekst i frie inntekter ut frå anslag på rekneskap 2014 på 4,2%, dette er ein vekst som ligg over snittet for Sogn og Fjordane, men under resten av landet for øvrig.

Dersom vi reknar vekst ut frå oppgåvekorrigert budsjett for 2014 er den reelle veksten for 2015 på 2,1% . Denne veksten skal dekke generell løns- og prisvekst ( kommunal deflator) i tillegg til at utgiftene til barnehage og pensjon aukar meir enn deflatoren. Samla sett er kostnadsauken i budsjettet til einingane på 7,4% for 2015.

Den største auken har ansvar 100. Årsaka til dette er at den lokale potten for 2014 ligg her sidan dei lokale forhandlingane ikkje er ferdigstillt endå. Midlane blir fordelt ut på einingane når resultatet er kjent.

I tillegg har ein for 2015 budsjettert lønsauken sentralt. Dette fordi ein ser at ein har betre kontroll på midlane og kan fordele etter behov. Slik det er no er det vanskeleg å trekke tilbake midlar dersom oppgjeret vert billegare enn budsjett. Ofte kan lønsauken fordele seg ulikt på sektorane, difor håpar vi dette vil føre til ei meir rett fordeling.

Årsaka til at vi har avvik mellom budsjett 2014 og anslag på rekneskap 2014 er at vi ikkje har evna å ta ned budsjettet i takt med endringane som er oppstått gjennom året. Då tenkjer eg særskilt på svikt i skatteinntektene som for Fjaler sin del utgjer kr 1,7 mill for 2014.

Fyrste framlegg til budsjett hadde ein underbalanse på kr 11,1 mill. Etter å ha jobba vidare med budsjettet etter handsaming i formannskapet er underbalansen som vi må finne inndekning for redusert til kr 8,575 mill.

Reduksjonane er i hovudsak gjort på BIO i høve redusert lønsbudsjet, og auka inntekter. I tillegg er lønsauke for 2015 nedjustert.

Fjaler kommune har ein stor andel ressurskrevjande omsorgstenester. Kommunen vert igjen råka av at dei aukar innslagspunktet utover deflatoren.

I budsjettet til BIO er det lagt inn ei ny administrativ stilling frå 2015. 50% av denne skal jobbe opp mot ressurskrevjande tenester. Det vil sei at vi får dekkja 80 % av denne gjennom refusjonsordninga.

I utgangspunktet antar ein at heile stillinga vil bli sjølvfinansierande. Vi ser at dette er eit område der vi ikkje har nytta nok ressursar tidlegare. Ekstern gjennomgang av området viser at vi har potensiale til å auke refusjonsinntektene men det vil krevje ressursar og kompetanse, vi må etablere gode interne rutinar og system som sikrar at vi fangar opp alle og får med alle utgifter som gjev rett på refusjon.

Fjaler kommune skal i 2015 ta imot flyktingar, det er tilsett flyktingkoordinator i 100% stilling frå 01.01.2015. Det er lagt inn eit 0 budsjett på denne tenesta. Det vil sei at vi kalkulerer med at utgiftene knytt til mottak av flyktingar skal dekkast av integreringstilskotet som vi mottar frå staten.

### **Salderingstiltak:**

Innsparingsmåla som er skissert i rapporten frå Agenda Kaupang er innarbeidd i budsjettet som tiltak får å kunne legge fram eit budsjett i balanse. Dette er i samsvar med vedtak i formannskapet 4. november 2014

### **Innsparingane er fordelt etter tre prinsipp:**

1. kutt i dei tenestene som er dyrast samanlikna med andre kommunar
2. Kutt der det er mogleg å gjennomføre endringar innan 3 år
3. Kuttar meir i dei tenestane som ein veit kan styrast gjennom planar og vedtak enn i tenester der lovverk og brukarar gjer premissane.

Rapporten gjev forslag til innsparingar på kr 10 mill ut frå rekneskapstal frå 2013. Når vi justerer for tiltak gjennomført i 2014 er potensialet ut frå rapporten kr 6 mill. Det vil sei at ein må saldere kr 2,6 mill meir enn kva som kjem fram i rapporten.

Forslag til innsparing utover det som er konkludert med i rapporten:

- |                                                |             |
|------------------------------------------------|-------------|
| 1. BIO                                         | kr 1 mill   |
| 2. Grunnskule                                  | kr 1 mill   |
| 3. Eigedomsskatt                               | kr 1 mill   |
| 4. Tilrettelegging og bistand for næringslivet | kr 0,5 mill |
| 5. Prosjektfinansiering folkehelsekoordinator  | kr 0,25mill |
| 6. Saldering ansvar 100                        | kr 0,76mill |

( årsak til at dette er meir enn 2,6 mill er at ein ikkje vil ha effekt av alle tiltaka frå 01.01.15)

Agenda kaupang har samanlikna Fjaler med dei mest kostnadseffektive/ billegaste kommunane i landet. Det er viktig at ein er medviten om at dette er eit ambisiøst mål og at ein må gjere vanskelege prioriteringar for å lukkast i dette arbeidet.

Konsekvensen av dette budsjettet er at ein må ta ned tenestenivået på alle einingar. Mange einingar må redusere bemanninga for å nå dei økonomiske målsetjingane. På Skule er det ikkje mogleg å nå målet innanfor den strukturen vi har i dag. Innsparing på skule er difor ikkje innarbeidd/ fordelt i skulane sine budsjett men lagt inn under rådmannen. Det må arbeidast vidare administrativt og politisk med tiltak etter at budsjettet er vedteke. Viser elles til salderingsbudsjett og konsekvensutgreiing frå einingane for meir utfyllande informasjon

### **Investering:**

Investeringsbudsjettet er basert på økonomiplan 2014-2017, vedtekne planar i tillegg til nye tiltak ein ser behov for. Budsjettet har tiltak med ei ramme på til saman 22 mill i 2015.

I planperioden ligg det inne investeringar for til saman kr 71,1 mill.

Utfordringa er at vi sit med ei gamal bygningsmasse som krev mykje oppgradering. Viser elles til budsjetthefte og vedlegg til økonomiplanen for omtale av prosjekta.

### **VURDERING:**

#### **Drift:**

Å redusere driftsnivået med kr 8,575 mill vil bli særskilt krevjande. Dette budsjettet kan ikkje vedtakast slik det ligg føre no utan at ein gjere om på struktur og organisering. Dette gjeld spesielt for skule og Bistand og Omsorg. Innsparingskravet til desse sektorane er så store at det krev reduksjon i bemanning for klare det. Dersom ein reduserer bemanninga innanfor dagens skulestruktur vil ein ikkje lenger drive skulen lovleg i Fjaler kommune.

På Bistand og omsorg er utfordringa det arbeidet ein har sett i gang opp mot ressurskrevjande tnestar. Det vil bli pedagogisk krevjande å forklare å skulle bygge opp denne tenesta, noko som medfører auka administrasjonsressurs for så å redusere tenestetilbodet og bemanninga på andre områder. Dette uavhengig av at refusjonsinntektene kjem til auke.

#### **Investering:**

Ideelt sett burde vi ikkje hatt nettoauke i lånegjelda dei komande åra, men slik situasjonen er no med forfall på mykje av bygningsmassen og eit sterkt behov for ny barnehage ser ein ikkje det som særleg realistisk.



## Arbeid med innsparingar 2014 - 2015

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansvarleg
Formannskapet	02.12.2014	<b>103/14</b>	OLH
Kommunestyret	15.12.2014	<b>101/14</b>	OLH

---

Arkivsaknr	Sakshandsamar	Arkiv
14/1497	Ola Hovland	K1-034

---

### **RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Formannskapet rår kommunestyre til å sluttar seg til rådmannen sitt framlegg til plan for arbeid med innsparingar for budsjett 2015 og økonomiplan 2015-18.

### **02.12.2014 FORMANNSKAPET**

#### **Handsaming i møtet:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **FOR-103/14 FRAMLEGG TIL KOMMUNESTYRET:**

Kommunestyret sluttar seg til rådmannen sitt framlegg til plan for arbeid med innsparingar for budsjett 2015 og økonomiplan 2015-18.

### **15.12.2014 KOMMUNESTYRET**

#### **Handsaming i møtet:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **KOM-101/14 VEDTAK:**

Formannskapet rår kommunestyre til å sluttar seg til rådmannen sitt framlegg til plan for arbeid med innsparingar for budsjett 2015 og økonomiplan 2015-18.

## Trykte vedlegg i saka

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
3	I	24.11.2014	Utdanningsdirektoratet	Rundskriv Udir-2-2012 - Handsaming av saker om skulenedlegging og kretsgrenser
1	X	24.11.2014	Landbruksforvaltninga for Askvoll og Fjaler - Geir Grytøyra; Rådmannskontoret - Annikken Myklebust; Bistand og omsorg - Kjersti Valvik; Flekk skule og barnehage - Ingvard Flekke; Rådmannskontoret - Ola Hovland; NAV Fjaler - Toril Rysjedal Bygnes; HAFS interkommunale barnevernteneste - Charlotte Willemoes; Kulturkontoret - Ingeborg Opdøl Tysnes; Rådmannskontoret - Marit Hammer; Teknisk kontor - Edvin Bøthun; Sørviskontoret - Kårhild Hustveit; Legetenesta - Werner Garre-Fivelsdal; Hellevik barnehage - Vigdis Øen Åsnes; Fjaler ungdomsskule - Ola Sande; Yksnebjør barnehage - Gro Rysjedal; Rådmannskontoret - Martin Lundgård; Fysioterapitenesta - Ivar Vårdal; Guddal skule og barnehage - Bjarne Huseklepp; Våge skule - Anne Erstad; Dingemoen skule - Kari Heier Nistad	Prosjektdirektiv - Arbeid med innsparing - budsjett 2015 og økonomiplan 2015-18

## Ikkje trykte vedlegg i saka

### SAKSUTGREIING:

Formannskapet vedtok i møte 04.11.2014 at innsparingsmulegheitene som er skissert i rapporten frå Agenda Kaupang skulle innarbeidast i rådmannen sitt framlegg til budsjett og økonomiplan.

1. *Formannskapet godkjenner rapporten frå Agenda Kaupang og oppfattar at den er i tråd med avtalt oppdrag.*
2. *Formannskapet sluttar seg til at dei innsparingsmulegheitene som er vist til i rapporten frå Agenda Kaupang, blir jobba vidare med og innarbeidd i rådmannen sitt framlegg til budsjett og økonomiplan.*
3. *Formannskapet ber om at rådmannen kjem attende med ei sak på strategiarbeid innan helse.*



Vedlagt følger prosjektdirektiv som gjer for bakgrunn, målsetting, organisering, hovudtiltak, milepæl og kommunikasjonsplan fram til kommunestyremøte den 31.3.15.

Planen heng saman med administrasjonen sitt framlegg til budsjett og økonomiplan. Dersom det blir vedteke endringar som verkar inn på arbeidet med innsparingar, må planen endrast deretter.

Det blir gjort merksam på at i rapporten frå Agenda Kaupang og i framlegg til budsjett er føresatt strukturendringar. Skildring av tiltak og konsekvensar blir lagt fram for kommunestyre den 26.1.15.

I det vidare arbeidet, dvs. etter den 26.1.15, er det lagt til grunn at det skal gjennomførast høyringar og eventuelt møter med dei partane som blir berørt av endringane. Dette blir gjort for å sikre ei forsvarleg sakshandsaming, dvs. at saka/sakene er forsvarleg klarlagt før det blir fatta vedtak.

Det betyr at kommunestyre skal vite konsekvensane og ha kjennskap til synspunkta til dei som er berørte av endringane (t.d. nedlegging av skule eller eit tilbod innan helse), før eit vedtak blir fatta, jf vedlagt - Rundskriv Udir-2-2012.

Dato: 28.11.2014

Vår referanse: 14/804

Arkiv: FE-007

## Beskytt kommunen! Håndbok i antikorrupsjon Frå Etikkonferansen 2014

Klipp frå KS sine nettsider den 28.11.14 med ein artikkel som var publisert 25.11.14. Vi legg dette notatet ved som informasjon under skriv og meldingar i kontrollutvala. [Her finn du lenke til Etikportalen der du finn meir om emnet.](#)

### Beskytt kommunen! Etikkonferansen 2014

25.11.2014

[f](#) [t](#) [in](#) [e](#) [Skriv ut](#) [Tips](#)

På etikkonferansen 2014 ble det lansert en ny versjon av "Beskytt kommunen!", en håndbok i antikorrupsjon. Flere innledere bidro til et rikholdig og bredt program på konferansen.



- Et godt etisk immunforsvar angår oss alle, men vi som politiske ledere har et særskilt ansvar, sa kommunal- og moderniseringsminister Jan Tore Sanner.

Statsråden fikk overrakt håndboken personlig, av nestleder i KS, Bjørn Arild Gram.

- Å styrke lokaldemokratiet er noe av det viktigste arbeidet KS gjør, og da er det helt vesentlig at innbyggerne har høy tillit til de folkevalgte.

#### Et godt samarbeid

- Vi ønsker oss at etiske dilemmaer bør diskuteres høyt og tydelig på alle arbeidsplasser, sa Guro Slettmark, som leder Transparency International.

Organisasjonen jobber for "en verden fri for korrupsjon" og har siden 2011 etablert et nettverk for 40 kommuner og fylkeskommuner i samarbeid med KS. På Etikkonferansen 2014 ble noen av resultatene fra samarbeidsprosjektet presentert, deriblant en fornyet utgave av "Beskytt kommunen! Håndbok i antikorrupsjon".

Håndboka henvender seg til folkevalgte, ledere, ansatte og tillitsvalgte i kommuner og fylkeskommuner og gir gode råd for hvordan jobbe aktivt med å forebygge, avdekke og håndtere korrupsjon.

Mange innledere bidro til et rikholdig program på konferansen, og flere av presentasjonene kan hentes frem nedenfor her.

#### Eksempelbank

Det er også laget en eksempelbank "Korrupsjonsfaren i kommuner –sårbarhet, verktøy og metoder" som oppsummerer noen erfaringer og råd om korrupsjonsforebyggende arbeid fra kommuner og fylkeskommuner som har deltatt i KS og TI's korrupsjonsforebyggende nettverk 2013- 2014. Her gis eksempler på sårbarhet og risikoområder i kommunene, beskrivelse av forebyggende tiltak og systemer, samt verktøy for holdningsskapende aktiviteter. Det gis også noen anbefalinger om hva ledelsen/kommunens administrative ledelse kan gjøre. Kommunene må selv etablere sine systemer og fastsette nivå og mål for eget arbeid.

#### KONTAKTPERSONER FOR DENNE SAKEN

[Spikkeland, Lise](#) Lokaldemokrati og kommuneøkonomi  
[Lise.Spikkeland@ks.no](mailto:Lise.Spikkeland@ks.no)

#### SENTRALE LENKER OG DOKUMENTER

-  [Beskytt kommunen! Håndbok i antikorrupsjon](#)
-  [Korrupsjonsfaren i kommuner](#)
-  [Bjørn Arild Gram Tillit til lokaldemokratiet](#)
-  [Alexandra Bech Gjerv Korrupsjon i kommunene](#)
-  [Tor Dølvik Hva har kommunene lært oss?](#)
-  [Erik Amnå Tillitens gränser](#)
-  [Helge Eide 2600 kommunalt eide selskaper](#)

Med helsing

Arnar Helgheim

Dagleg leiar

Tlf 57 61 27 85 / 975 81 418

[ah@sekom.no](mailto:ah@sekom.no)

# SEKOM-sekretariat

<b>Saksgang</b> Fjaler kontrollutval	<b>Møtedato</b> 12.01.2015	<b>Saksnr</b> 003/15
-----------------------------------------	-------------------------------	-------------------------

<b>Sakshandsamar:</b> Audhild Ragni Vie Alme	<b>Arkiv:</b> FE-073	<b>Arkivsaknr.:</b> 14/310
-------------------------------------------------	-------------------------	-------------------------------

## Orientering om Vevang produksjon AS

### Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
23.12.2014	2013 Audit report Vevang Produksjon.docx	852
23.12.2014	Årsrapport 2013 utan rekneskap.pdf	851
23.12.2014	Styret si årsmelding 2013.pdf	850
23.12.2014	Revisjonsmelding 2013.pdf	849
14.11.2014	Svar med vedlagt dokument frå Vevang produksjon	848

### Tilråding:

*(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).*

Kontrollutvalet tek orienteringa om Vevang produksjon til vitande.

.

### Saksutgreiing:

Fjaler kontrollutval gjorde følgjande vedtak i sak 033/14 Eventuelt i møte 12.11.2014:  
*Første møte i 2015 vert 12. januar.*

*Dagleg leiar Ingunn Eiken i Vevang produksjon AS vert invitert til møtet for å gje ei orientering om bedrifta, mellom anna driftsomfang, økonomi, og korleis eigar engasjerer seg i bedrifta.*

SEKOM-sekretariat sende vedtak med invitasjon til å orientere om Vevang produksjon, til dagleg leiar Ingunn Eiken i e-post datert 13.11.2014.

Vi fekk tilbakemelding same dag om at Ingunn Eiken kunne komme og gje ei orientering til kontrollutvalet.

Vi mottok e-post datert 14.11.2014 frå Ingunn Eiken vedlagt revisjonsmelding 2013, styret si årsmelding 2013, og årsrapport, som informasjon i førekant av orienteringa, og dette følgjer vedlagt saka.

# **EQUASS ASSURANCE AUDIT REPORT**

Site visit: 27-28 November, 2013

**Vevang Produksjon AS**

Kjell M. Nedler  
Auditor

© 2012 by European Quality for Social Services (EQUASS)

All rights reserved. No part of this document may be reproduced in any form or by any means, electronic, mechanical, photocopying and recording or otherwise without the prior written permission of the EQUASS.

## 1. Information of the social service provider

<b>Name of the social service provider</b>	<b>Vevang Produksjon AS</b>
<b>Address:</b>	<b>6960 Dale i Sunnfjord, Norway</b>
<b>Post box:</b>	<b>Post box 61, 6961 Dale i Sunnfjord, Norway</b>
<b>Person responsible:</b>	<b>Ingunn Eiken (CEO)</b>
<b>Contact person:</b>	<b>Ingunn Eiken</b>
<b>Phone:</b>	<b>+47 5773 9910</b>
<b>Fax:</b>	
<b>E-mail:</b>	<a href="mailto:post@vevangproduksjon.no">post@vevangproduksjon.no</a>
<b>Web site:</b>	<a href="http://www.vevangproduksjon.no">www.vevangproduksjon.no</a>
<b>Name of Auditor:</b>	<b>Kjell M. Nedler</b>
<b>Dates of audit:</b>	<b>27-28 November, 2013</b>
<b>Clients:</b>	Number of person served: 26 As of (date): 8 October, 2013
<b>Staff:</b>	Number of Full time staff: 6 Number of Part time staff: 0 Number of Contracted staff: 0 Number of volunteers (if applicable): 0
<b>Services:</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- <b>Work preparation training in sheltered environment (APS)</b></li> <li>- <b>Permanently adapted work (VTA)</b></li> </ul>

## 2. Audit program

27.11.13		Dag 1 (Day 1)
Klokkeslett (Time)	Aktivitet (kort beskrivelse av den planlagte aktiviteten) Activity (brief description of planned activity)	
08.00-08.30	Møte med ledelsen/leder. Introduksjon av dokumentasjonen. Hvordan finner revisor enkelt frem i dokumentasjonen det er henvist til i søknadsskjemaet?(Om elektronisk: Sjekk at alt fungerer på forhånd.)	
08.30-12.00	Dokumentgjennomgang for revisor	
12.00-12.30	Lunsj	
12.30-13.00	Samtale med brukere	
13.00-13.30	Samtale med representant fra NAV, <a href="#">Toril Rysjedal Bygnes</a>	
13.30-14.00	Samtale ordinært ansatte	
14.00-16.00	Dokumentgjennomgang for revisor	

28.11.13		Dag 2 (Day 2)
Klokkeslett (Time)	Aktivitet (kort beskrivelse av den planlagte aktiviteten) Activity (brief description of planned activity)	
08.00-09.00	Dokumentgjennomgang for revisor	
09.00-09.30	Samtale med interessepart, <a href="#">Rådmann Ola Hovland</a> eller <a href="#">Anita H Zadiq</a> frå <a href="#">BIO i Fjaler kommune</a> .	
09.30-12.00	Dokumentgjennomgang for revisor	
12.00-12.30	Lunsj	
12.30-13.00	Samtale med Daglig leder	
13.00-14.45	Dokumentgjennomgang for revisor	
14.45-15.00	Avslutningsmøte med ledelsen/leder, oppsummering	

### 3. Detailed feedback on performance

1. The social service provider defines documents and implements its vision and mission values on service provision.	
Remark from the auditor:  The services of the social service provider meet this criterion of the EQUASS Assurance certification program.	
Strengths	Improvement & developments
VP has documented and implemented the vision and mission values.  “VP shall be a future oriented rehabilitation organisation for the staff and partners. We focuses on quality and joy in work”, is the vision. The vision has knowledge among the staff and suits the organisation in a good way.	VP may work more systematic with implementation and knowledge to the core values among the staff. The values may also be clearer presented at the web site and other documentation.

2. The social service provider defines, documents, and implements its quality policy by determining long term quality goals, and its commitment to continuous improvement.	
Remark from the auditor:  The services of the social service provider meet this criterion of the EQUASS Assurance certification program.	
Strengths	Improvement & developments
VP has documented and implemented the quality policy.  This is documented in the annual report. The quality policy includes a mix of the content from the vision, mission values and competence. It focuses on satisfying needs from the person served	The quality policy may be easier accessible. It is documented, but it may be clearer to understand what the quality policy really is. It should also be better implemented among the staff.



<p>and customers. The quality policy has a commitment to continuous improvement of internal processes.</p>	
10,5% av tilsette på VTA har fått tilrettelagt arbeidspraksis i ordinær bedrift.

Vevang Produksjon AS har god kontakt med Dale vidaregåande skule og har gjennom året hatt elevar frå skulen i praksisplassar. Det har vorte nytta APS-tiltaket til arbeidspraksis til elevar, i tillegg til at fylkeskommunen har kjøpt enkeltimar i oppfølging av elevar ved den vidaregåande skulen.

### BRUKARMEDVERKNAD OG BRUKARTILFREDSHEIT:

Sosial inkludering, personleg utvikling, materiell velferd, mellommenneskelege relasjonar, kjenslemessig velver, rett til sjølvbestemming/medverknad og andre rettar, er livskvalitetsområde som verksemda skal ta omsyn til, ved levering av tenester til den einskilde deltakar. I årlege medarbeidersamtalar vert livskvalitet tema. Kvar einkild deltakar definerer sjølv kva som er viktig for dei sjølve.

Vevang Produksjon gjennomfører brukarundersøkingar og føretekn resultatmålingar. Samtlege deltakarar i VTA og frammøtte deltakarar i APS har gjennomført ei brukarundersøking som måler td brukartilfredsheit og motivasjon på ein skala frå 1-10. Resultatet for 2013 syner:

Spørjeundersøking 2013:	BRUKARTILFREDSHEIT %	MOTIVASJON %	TILFREDS MED TENESTENE? %	NÅR DU MÅLA DINE I HANDLINGSPLANEN? %
<b>APS</b>	83	82	100	69
<b>VTA</b>	91	67	100	100
<b>ORDINÆRT</b>	81	85		

Oppnådde resultat for målsettingane i kvar individuell oppfylgingsplan vert rapporterte individuelt og framlagt deltakaren og sakshandsamaren i NAV.

### PROGRAMTILBOD:

Brukarundersøkinga om programtilbod, viser at at deltakarar i VTA-tiltaket i stor grad får tildelt dei oppgåvene dei ynskjer Td ynskjer 13 tilsette å arbeide med grøntarbeid. 11 tilsette har fått tildelt arbeidsoppgåva i løpet av året. Det er høve til å komme med innspel til arbeidsoppgåver verksemda ikkje har. I somme høve har Vevang Produksjon AS samarbeidd med eksterne bedrifter for å tilrettelegge for arbeidsoppgåver, td innan kantinearbeid. Dersom det er mange som ynskjer eit arbeid verksemda ikkje har, vert det vurdert å opprette arbeidet som ein del av dei daglege arbeidsoppgåvene. I 2013 vart det oppretta vaskeri. Innan vaskerioppgåver medfylgjer oppgåver innan logistikk og transport. Det vert stilt krav til rutinar og reinhald.

PROGRAMTILBOD																	
Arb.opp/ Program-tilbod:	Kantine, mat, frukt	Ved	Grønt - arbeid	Reinhald	snømåking	stål	kruks	tekstil	snekkar	transport	lys	vaskeri	IKT	Innspel Td eksterne Arb.opp g	tenbruket	vegstikker	lakking
19 VTA-tilsette:	5:5	10:10	11:13	6:7	2:4	5:6	4:7	13:13	10:11	2:2	5:6	13:15	1:1	2:3	3:4	6:9	2:3
Resultat 31.12.13	100%	100%	84%	85,7%	50%	83,3%	57,1%	100%	90,9%	100%	83,3%	86,6%	100%	66,6%	75%	66,6%	66,6%

Programundersøkinga som vert nytta i APS-tiltaket er mindre kategorisert og tilpassa kravet om at arbeidspraksisen skal gjennomførast i samhandling med det ordinære arbeidslivet. 86,6% av deltakarane har fått oppretta praksisplassar i eksternt arbeidsliv i tråd med programynskje og som høver med målsettingane om framtidig arbeid i den individuelle handlingsplanen .

I arbeidet med å kartlegge interesser og ynskje til deltakarane, nyttar verksemda WIE interettekartlegging.

### **ARBEIDSARENA OG ARBEIDSOPPGÅVER:**

Intern arbeidsarena vert i hovudsak nytta til VTA-tilsette. Havyard Power and Systems, Maritime Montering og Bergen Group Fosen er nokon av samarbeidspartane våre som tek Vevang Produksjon i bruk som underleverandør til skipsindustrien. Oppdraga sysselset deltakarar og legg grunnlag for menneskeleg vekst og utvikling.

Ein føresetnad for å nå mål om sysselsetting i APS-tiltaket, er det naudsynt å ta i bruk ekstern arbeidsarena i attføringsarbeidet. Gjennom heile året har det vore arbeid systematisk med kartlegging av arbeidsmarknaden i nærområdet og opprette kontakt med bedrifter og potensielle arbeidsgjevarar for deltakarane i tenestene vi leverer til NAV.

Vevang Produksjon AS har fram til og med 2012 levert arbeidsmarknadstiltak til NAV som ikkje før i 2013 har hatt formidlingskrav til ordinært arbeidsliv. Verksemda leverte tilbod på arbeidsmarknadstiltaket «avklaring» i 2012 utan å få tilslaget. I 2013 leverte vi eit nytt tilbod til NAV Sogn og Fjordane på anbudsutsette tenester med mål om sysselsetting i ordinært arbeidsliv, men nådde ikkje opp i konkurransen med tre andre tilbydarar.

I 2013 vart Vevang Produksjon AS godkjent som lærebedrift gjennom Fylkeskommunen i Sogn og Fjordane. Tre instruktørar fekk fagleg godkjenning innan industrisnikkarfaget.

Arbeidsoppgåver varierar frå kva oppgåver den einskilde eksterne arbeidsgjevar kan tilby, samt kva endringar som skjer som ei fylgje av utviklinga til Vevang Produksjon AS.

Nokon deltakarar har fått oppfylging til å ta datakortet og ikkje fått arbeidsoppgåver utover dette tiltaket.

Vi får ordrar frå andre bedrifter innan porselen, tekstil, snøstikker, tre-og stål. «Datafresen» gir moglegheiter for utvikling innan trefaget. Fylkeskommunen har tilbakemeldt at elevar ved skulen viser særleg interesse for IKT-verktyet til Vevang Produksjon AS. Gjennom året har ein elev fått arbeidspraksis knytt opp mot datafresen.

Hovudtyngda av arbeidsoppgåver frå april til september, har vore knytt opp mot «grøntarbeid». Samarbeidet med Fjaler kommune, har ført til gode arbeidsarena hovudsakleg for VTA-tilsette. I 2013 har vi hatt mangel på personalressursar til å ta på oss alle førespurnader om arbeid frå privatpersonar.

Tilbakemeldingane frå oppdragsgivarane våre har vore gode og arbeidarane trivast med nye utfordringar. Gjennom tilrettelegginga av arbeidsoppgåver ute i ordinært arbeidsliv, har verksemda aktivt bidrege til å fremje at deltakarane delteke i samfunnet.

Gjennom tidsskrifter og nettsider, har verksemda marknadsført arbeidet deltakarane utfører.



Vevang Produksjon AS har fortløpande fokus på tenesteproduksjonen. Undervisningslokalet har vore meir aktivt i bruk, slik at deltakarar både har fått formell kompetanseheving i løpet av deltakarperioden, men òg fått ei generell innføring i korleis ein set opp cv, skriv ein arbeidssøknad ol. Vi har lagt til rette for at deltakarar kan bruke tid til å arbeide med andre tema som gjeldsproblematikk, kosthald og fysisk aktivitet. Bedriftshelsetenesta Stamina Helse vart innleigd til å halde eit kurs med fokus på kosthald.

Somme deltakarar tilbakemelde at tiltak innan fysisk aktivitet, førte til mindre ryggplager, auka energi og betre fysisk form.

I 2013 arbeidde vi med å opprette eit vaskeri der tranport- og logistikkoppgåver vert ein sentral del av oppgåvene.

### TVERRFAGLEG SAMARBEID:

Kvart år sidan 2010 har vi sendt ut spørjeundersøkingar til interessepartar, BIO i Fjaler kommune og NAV-kontora i HAFS-regionen. I undersøkinga vi sende ut i 2013, gjorde vi greie for at vi medrekna 100% tilfredsheit dersom ikkje anna vart tilbakemeldt innan 15.03.13. Vi mottok vi 0 svar på undersøkinga.

Godt etablerte rutinar for samhandling fører til god samhandling med ulike samarbeidande instansar. Vi har jamleg kontakt med omliggjande NAV-kontor som fylgje av samarbeid kring dei einskilde deltakarane, i tillegg til fagdagar og faste samlingspunkt i regi av NAV Sogn og Fjordane. Vi har hatt knytopunkt med både NAV lokal og Fjaler kommune i høve utvikling i verksemda med utgangspunkt i behov i marknaden.

Vi har hatt kontakt med ulike instansar som bedrifter i arbeidsmarknaden, kommunale kontor, fylkeskommune og andre.

### FRÅVÈRSTATISTIKK 2013:

	Eigen-melding %	Sjukdom born %	Legemeldt frávèr %	Permisjon %	Ubet. Ferie-dag %	Ugyldig %	Samla sjukefrávèr %	Samla frávèr %
<b>ORDINÆRT TILSETTE</b>	0,6	0,3	5,8	0,2	1,9	0	7,3	8,5
<b>VTA</b>	0,6	0,0	1,7	2,0	0,0	0,4	3,8	6,7
<b>APS</b>	6,7	0,2	5,0	3,0	0,0	1,7	12,2	17,7
<b>Samla</b>	1,4 1012,5 timar	0,2	3,5 1470 timar				6,6 2788 timar	9,7 4217 timar

Frávèrsprosenten for heile året er på 9,7% samla i verksemda. Frávèr knytt til sjukdom utgjer 6,6%. Legemeldt sjukefrávèr utgjer 1470 timar og utgjer 3,5%. Samanlikna med fjordåret, var den samla frávèrsprosenten i verksemda på 14,3%. Dette utgjer ein nedgang på 4,6 prosentpoeng.

Hovudtyngda av frávèr til ordinært tilsette er legemeldt. Tilsette på VTA, har høgst frávèr innan permisjonar, medan APS-deltakarar nyttar mest eigenmeldingar.

Det er registrert 6 «hendingar»/ skadar i løpet av året. Ei skade er reistret som yrkesskade.

Vevang Produksjon AS nyttar bedriftshelsetenesta Stamina Helse sine tenester. Det vert utarbeidd årlege handlingsplanar for arbeidet kring helse, miljø og tryggleik.

Dei tilsette har delteke på 40-timars grunnkurs i HMS, anten i løpet av 2013 eller tidlegare år. Det har vore avvikla motivasjonssamlingar og opplæring i bruk av verneutstyr, i tillegg til gjennomføring av kurs i kosthald og ernæring.

Vevang Produksjon AS er ei IA-bedrift og følgjer opp handlingsplanar for å nå mål som td eit legre sjukefråvèr. Sjukefråvèret er redusert frå 2012 til 2013.


### **NO OG FRAMOVER:**

Vår oppfatting er at tenesteleveringa til Vevang Produksjon AS er i tråd med måla i rammeavtala med NAV Sogn og Fjordane og i tråd med kravspesifikasjonane for tiltaka, samt med måla i tidsaksa. Eit hinder for å kunne levere samanhengande tenester, er ventelister. Verksemda har ikkje rekruttert deltakarar frå APS-tiltaket og over til VTA-tiltaket, men funne andre løysingar etter tiltaksslutt.

Styret for Vevang Produksjon AS har vedteke fylgjande handlingsplan for 2014:

- Auke kunnskap om sysselsetting
- halde fram med å skape og oppretthalde kontakt med bedrifter i HAFS-og Sunnfjordsregionen
- Auke bruken av eksterne bedrifter i APS-gjennomføringa
- Arbeide vidare med kalkylar på produkt og skaffe fleire gode arbeidsoppdrag, inkl. å skaffe betre prisar på råvarer.

I tillegg vil verksemda arbeide mot eit legre sjukefråvèr, førebygge for skadar i arbeidssamanheng og legge til rette for arbeid som legg grunnlag for menneskeleg vekst og utvikling. Rekruttering til arbeidslivet er ei målsetting i samarbeid med deltakarar, NAV og næringsliv.



*Fotograf: Monica J. Haugen*

Dale 28.01.14

Ingunn Eiken  
Dagleg leiar

# Vevang Produksjon AS

Organisasjonsnummer 959 711 569

## ÅRSMELDING FOR 2013

### 1. Verksemda sin art og lokalisering

Vevang Produksjon AS skal kvalifisere menneske til å nå mål om arbeid. Verksemda skal sysselsette menneske gjennom produksjon og sal av varer og tenester og anna verksemd. Verksemda er lokalisert i Dale i Sunnfjord og tilbyr varer og tenester til privatpersonar, bedrifter, lag og organisasjonar. Kjøp av tenester frå NAV Sogn og Fjordane samt Fjaler Kommune og Askvoll Kommune utgjer ein vesentleg del av inntektene.

### 2. Rettvisande oversikt over utviklinga, resultatet og føretaket si stilling

Omsetnaden på kr 6.274.506,- og driftsresultat på kr 410.916,- vert vurdert som tilfredsstillande. Ved årsskiftet var eigenkapitalen bokført med kr 2.174.245,- som representerer 37,8% av totalkapitalen.

Likviditeten er tilfredsstillande.

### 3. Fortsatt drift

Styret og dagleg leiar meiner det er rett å legge føresetnaden for fortsatt drift av selskapet til grunn for avlegging av årsregnskapet.

### 4. Arbeidsmiljø

Arbeidsmiljøet i bedrifta er tilfredsstillande. Samla for heile verksemda utgjer sjukefråværet 6,6%. Sjukefråvær til ordinært tilsette viser 7,3%. Legemeldt fråvær utgjer 5,8 % for ordinært tilsette og 3,5% for heile verksemda. Det er registrert 6 skadar og «hendingar» i bedrifta i løpet av året. Ei skade er innmeldt som yrkesskade.

### 5. Likestilling


Styret er ikke kjent med at det har vore forskjellsbehandling i strid med lov om likestilling mellom kjønna. Likestilling i verksemda ser ein på som tilfredsstillande. Styret består av 3 medlemmer, alle menn. Observatør får dei tilsette er kvinne. Bedrifta har 6 tilsette, 3 kvinner og 3 menn.

### 6. Ytre miljø

I samband med produksjonen sorterer bedrifta ut mindre mengder med farleg avfall. Dette avfallet samlast og destruerast etter lovmessige metodar som ikkje påverkar det ytre miljøet meir enn det som er vanleg for denne type verksemd.




Ronny Mowatt  
Styreleiar

Dale, 11.04.2014  


Øystein Våge



Kjetil Felde



Ingunn J Eiken  
dagleg leiar

VEVANG PRODUKSJON A/S

ÅRSREKNESKAP

2013

## RESULTATREKNESKAP

### VEVANG PRODUKSJON A/S

DRIFTSINNEKTER OG DRIFTSKOSTNADER	Note	2013	2012
Driftsinntekter	1	6 071 339	5 592 076
Annen driftsinntekt	2	203 167	112 404
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>6 274 506</b>	<b>5 704 480</b>
Varekostnad		721 693	505 318
End.lager varer u.tilv. og ferdigvarer		-25 811	313 197
Lønnskostnad	3	3 598 899	3 179 172
Avskrivning på driftsmidler	4	337 067	256 000
Anna driftskostnad		1 231 742	1 031 532
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>5 863 590</b>	<b>5 285 218</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>410 916</b>	<b>419 262</b>
<b>FINANSINNEKTER OG FINANSKOSTNADER</b>			
Annen renteinntekt		29 379	27 763
Anna rentekostnad		118 354	129 285
<b>Resultat av finansposter</b>		<b>-88 975</b>	<b>-101 522</b>
<b>Årsoverskot/underskot</b>		<b>321 941</b>	<b>317 740</b>
<b>OVERFØRINGAR</b>			
Avsett til anna egenkapital		321 941	317 740
<b>Sum overføringer</b>		<b>321 941</b>	<b>317 740</b>

## BALANSE


### VEVANG PRODUKSJON A/S

EIENDELER	Note	2013	2012
<b>ANLEGGSMIDLAR</b>			
<b>VARIGE DRIFTSMIDLAR</b>			
Tomter, bygningar	4	2 602 322	2 688 953
Maskiner, bilar etc.	4	654 422	431 053
<b>Sum varige driftsmidler</b>		<b>3 256 744</b>	<b>3 120 006</b>
<b>Sum anleggsmidler</b>		<b>3 256 744</b>	<b>3 120 006</b>
<b>OMLØPSMIDLAR</b>			
Lager av varer		486 268	460 457
<b>FORDRINGAR</b>			
Kundefordringar		397 955	98 461
Andre fordringar		22 129	259 311
<b>Sum fordringar</b>		<b>420 083</b>	<b>357 772</b>
Bankinnskot, kontantar o.l.	5	1 587 991	1 576 836
<b>Sum omløpsmidler</b>		<b>2 494 342</b>	<b>2 395 065</b>
<b>Sum eiendeler</b>		<b>5 751 086</b>	<b>5 515 071</b>

## BALANSE


### VEVANG PRODUKSJON A/S

EIGENKAPITAL OG GJELD	Note	2013	2012
<b>INNSKUTT EGENKAPITAL</b>			
Aksjekapital	6	100 000	100 000
<b>Sum innskutt egenkapital</b>		<b>100 000</b>	<b>100 000</b>
<b>OPPTENT EIGENKAPITAL</b>			
Anna egenkapital	6	2 074 245	1 752 304
<b>Sum opptent egenkapital</b>		<b>2 074 245</b>	<b>1 752 304</b>
<b>Sum egenkapital</b>		<b>2 174 245</b>	<b>1 852 304</b>
<b>GJELD</b>			
<b>ANNA LANGSIKTIG GJELD</b>			
Gjeld til kredittinstitusjoner	7	1 836 716	2 112 207
Øvrig langsiktig gjeld	8	871 968	933 972
<b>Sum annen langsiktig gjeld</b>		<b>2 708 684</b>	<b>3 046 179</b>
<b>KORTSIKTIG GJELD</b>			
Leverandørgjeld		221 986	79 710
Skattetrekk og andre trekk		619 479	486 955
Annen kortsiktig gjeld		26 692	49 922
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>868 157</b>	<b>616 587</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>3 576 841</b>	<b>3 662 766</b>
<b>Sum gjeld og egenkapital</b>		<b>5 751 086</b>	<b>5 515 071</b>



Ronny Mowatt  
leiar

DALE, 11.04.2014  
Styret i VEVANG PRODUKSJON A/S



Øystein Våge  
nestleiar



Kjetil Felde  
Styremedlem



Ingunn Eiken  
Dagleg leiar

**Rekneskapsprinsipp**

I årsrekneskapet er alle postar verdsett og periodisert i samsvar med regnskapslova sine reglar som følgjer av god rekneskapskikk.

**Klassifisering**

Eigedelar bestemt til varig eige eller bruk, samt fordringar med forfall meir enn eitt år etter balansedagen, er medtekne som som anleggsmidlar. Øvrige eigedelar er klassifisert som omløpsmidlar. Gjeld som forfell seinare enn eitt år etter rekneskapsperiodens slutt er oppført som langsiktig gjeld.

**Varige driftsmidlar og avskrivningar**

Varige driftsmidlar er vurdert til historisk kost etter frådrag for bedriftsøkonomiske avskrivningar som er utrekna på grunnlag beregnet på grunnlag av kostpris og vurdert økonomisk levetid.

**Varelager**

Varelager er vurdert til den lågaste av kostpris og verkeleg verdi. Verkeleg verdi er netto salsverdi på framtidig salstidspunkt. Kostprisen for tilverka varer er full tilvirkningskost som også inkluderer ein del av indirekte og faste kostnader.

**Fordringar**

Fordringer er oppført i balansen med pålydande etter frådrag for konstaterte og forventa tap.

**Driftsinntekter og kostnader**

Inntektsføring skjer etter opptjeningsprinsippet som normalt vil vere leveringstidspunktet for varer og tenester. Kostnader vert medtekne etter samanstillingsprinsippet, dvs at kostnader vert medtekne i same periode som tilhøyrande inntekter inntektsføres.

**Note 1. Driftsinntekter**

Inntektene fordeler seg slik:

	2013	2012
Salsinntekt varer og tenester	kr 1.542.790.-	kr 1.602.164.-
Driftstilskot Kommune	kr 1.092.055.-	kr 741.008.-
Driftstilskot Staten	kr 3.436.494.-	kr 3.248.904.-
Sum	kr 6.071.339.-	kr 5.592.076.-



**NOTAR****VEVANG PRODUKSJON AS****Note 2. Anna driftsinntekt**

Inntektene fordeler seg slik:

	<b>2013</b>	<b>2012</b>
Tilskot Fjaler Næringsutvikling	kr 69.763.-	
Husleige	kr 50.400.-	kr 50.400.-
Vinst ved avgang driftsmiddel	kr 21.000.-	
Inntektsført investeringstilskot*	kr 62.004.-	kr 62.004.-
Sum	kr 203.167.-	kr 112.404.-

\*Ref. note 8 inntektsført i takt med avskr. på dei driftsmidlar tilskotet gjeld.

**Note 3. Lønskostnad, tilsette etc.**

	<b>2013</b>	<b>2012</b>
Lønn	kr 2.995.727.-	kr 2.801.095.-
Folketrygdavg.	kr 339.192.-	kr 306.818.-
Pensjonskostnader	kr 290.996.-	kr 410.125.-
Div.refusjonar	kr - 95.107.-	kr - 379.789.-
Div.ytingar	kr 68.091.-	kr 40.922.-
Sum	kr 3.598.899.-	kr 3.179.172.-

Gjennomsnittleg tal årsverk	<b>2013</b>	<b>2012</b>
	32	32

	<b>2013</b>	<b>2012</b>
<b>Ytingar til leiande personar</b>		
Lønn dagleg leiar	kr 573.848,-	kr 525.489,-
Andre ytingar	kr 4.921,-	kr 4.000,-
Styret	kr 67.000,-	kr 45.000,-
Revisjonshonorar	kr 20.500,-	kr 17.300,-

**NOTAR**  
**VEVANG PRODUKSJON AS**

**Note 4. Anleggsmidler**

	BYGG	MASKINER ETC.	Sum
Anskaffelseskost pr. 01.01.13	10 988 506	4 631 595	15 620 101
+ Tilgang kjøpte anleggsmidler		473 805	473 805
<b>= Anskaffelseskost 31.12.13</b>	<b>10 988 506</b>	<b>5 105 400</b>	<b>16 093 906</b>
Akkumulerte avskrivninger 31.12.13	2 086 184	3 450 978	5 537 162
+ Akkumulerte nedskrivninger 31.12.13	6 300 000	1 000 000	7 300 000
= Av- og nedskrivninger pr. 31.12.13	8 386 184	4 450 978	12 837 162
<b>= Bokført verdi 31.12.13</b>	<b>2 602 322</b>	<b>654 422</b>	<b>3 256 744</b>
Årets ordinære avskrivninger	86 631	250 436	337 067
 Økonomisk levetid	 25-50 år	 3-15 år	

**Note 5. Bankinnskott**

Av bankinnskott er kr 115.296.- bundne skattetrekksmidler.

**Note 6. Aksjekapital/ anna egenkapital**

Fjaler kommune eig samtlege 100 aksjar, kvar pålydande kr 1.000.-.

Anna egenkapital:

Anna egenkapital 1.1.2013	kr. 1.752.305.-
Årsresultat	kr 321.941.-
Anna egenkapital pr. 31.12.2013	kr. 2.074.245.-

**NOTAR****VEVANG PRODUKSJON AS****Note 7. Gjeld kredittinstitusjonar/pantsettingar**

	<b>2013</b>	<b>2012</b>
Effektiv pantegjeld	kr 1.836.716.-	kr 2.112.207.-
Bokført verdi av driftsmidlar pantsett er	kr 3.256.744.-	kr 3.120.006.-
Gjeld med forfall etter 5 år	kr 181.837.-	kr 551.833.-

**Note 8. Øvrig langsiktig gjeld**

Posten gjeld investeringstilskot. Samla utbetalt tilskot var i 1998/99 kr 1.5 mill knytt til bygg. I 2000, 2001 og 2002 vart det utbetalt kr 300.000.- knytt til maskiner kvart av åra. Sum kr 2.400.000.-.

Tilskotet vert inntektsført i takt med avskrivning av dei investeringar tilskotet er nytta til. Inntektsføring i 2013 er kr 62.004.-. Samla inntektsføring hittil er kr 1.528.032.-. Rest tilskot kr 871.968.-.

Til generalforsamlinga i Vevang Produksjon AS

## MELDING FRÅ REVISOR

### Fråsegn om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Vevang Produksjon AS som viser eit overskot på kr 321 941. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2013, resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og ein omtale av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta og andre noteopplysningar.

### *Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen*

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine regler og god rekneskapskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som styret og dagleg leiar finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følge av misleg framferd eller feil.

### *Revisor sine oppgåver og plikter*

Vår oppgåve er å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen på grunnlag av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisors skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapet si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir eit rettvisande bilete. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidde av leiinga, er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

### *Konklusjon*

Vi meiner at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilete av den finansielle stillinga til Vevang Produksjon AS per 31. desember 2013 og av resultatata for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg.

**Utsegn om andre tilhøve***Konklusjon om årsmeldinga*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtala ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen og føresetnaden om at drifta skal halde fram, er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

*Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtala ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringskikk i Noreg.

Førde, 11. april 2014  
Deloitte AS



Leif Kilnes  
statsautorisert revisor

**Fra:** Ingunn Eiken  
**Sendt:** 14. november 2014 09:11  
**Til:** Audhild Ragni Vie Alme  
**Kopi:** Ola Hovland; "Magne Norddal"  
**Emne:** SV: Invitasjon til å komme og orientere om Vevang produksjon i Fjaler kontrollutval 12. januar 2015  
**Vedlegg:** Revisjonsmelding 2013.pdf; Styret si årsmelding 2013.pdf; Årsrapport 2013 utan rekneskap.pdf; 2013 Audit report Vevang Produksjon.docx

Ok. Eg sender ut litt informasjon i førekant av orienteringa, slik at kontrollutvalet får førebu seg best mogleg for spørsmål.

Vedlagt finn de styret si årsmelding 2013 og melding frå revisor. I årsrapporten finn de nærare opplysningar om både tenester og produksjon. Vi legg rapportane og anna informasjon ut på heimesida vår: [www.vevangproduksjon.no](http://www.vevangproduksjon.no) <<http://www.vevangproduksjon.no>>

Gjennom kvalitetssikringssystemet equass assurance, får vi jamlege kontrollar på levering av tenestene våre. Vedlagt finn de ein 35-siders rapport frå revisor etter ein to-dagars revisjon om styrker og svakheiter med tenesteleveringa til Vevang Produksjon AS.

God lesnad!

Ingunn Eiken

**Fra:** Audhild Ragni Vie Alme  
**Sendt:** 14. november 2014 08:28  
**Til:** Ingunn Eiken  
**Kopi:** Ola Hovland; "Magne Norddal"  
**Emne:** SV: Invitasjon til å komme og orientere om Vevang produksjon i Fjaler kontrollutval 12. januar 2015

God morgon ☺

Fint at du kan komme å orientere om Vevang produksjon 12. januar. Eg tenkjer at du kan bruke ein stad mellom 30 min og 1 time, og at det innanfor den tida også kan vere høve for kontrollutvalet å stille spørsmål. Eg reknar med at møtet startar med din informasjon kl 9:00, slik at du slepp å sitte og vente. Vi har bestilt møterom 344 i kommunehuset, og innkallinga vert sendt ut 1 veke før møte.

Med helsing

**Audhild Ragni Vie Alme**  
Rådgjevar

## ***SEKOM-sekretariat***

Mobil: +47 97170064

Tlf jobb: 57612785

E-post: [arva@sekom.no](mailto:arva@sekom.no) <<mailto:arva@sekom.no>>

Hafstadvegen 42, Pb 338, 6802 Førde

**Fra:** Ingunn Eiken

**Sendt:** 13. november 2014 17:58

**Til:** Audhild Ragni Vie Alme

**Kopi:** Ola Hovland; "Magne Norddal"

**Emne:** SV: Invitasjon til å komme og orientere om Vevang produksjon i Fjaler kontrollutval 12. januar 2015

Hei og takk for invitasjonen! Tida høver, eg kjem. Kor lang tid ynskjer de eg brukar på orienteringa om Vevang Produksjon?

Ingunn Eiken

**Fra:** Audhild Ragni Vie Alme

**Sendt:** 13. november 2014 09:32

**Til:** Ingunn Eiken

**Kopi:** Ola Hovland; "Magne Norddal"

**Emne:** Invitasjon til å komme og orientere om Vevang produksjon i Fjaler kontrollutval 12. januar 2015

God morgon ☺

Fjaler kontrollutval gjorde følgjande vedtak i sak 034/14 Eventuelt i møte 12. november:

**Første møte i 2015 vert 12. januar.**

**Dagleg leiar Ingunn Eiken i Vevang produksjon AS vert invitert til møtet for å gje ei orientering om bedrifta, mellom anna driftsomfang, økonomi, og korleis eigar engasjerer seg i bedrifta.**

Møte i kontrollutvalet startar kl 9:00 på kommunehuset, og innkalling/sakliste vert sendt ut 1 veke før møtedato. Håpar at denne dagen passar for deg, viss ikkje er det fint om du gir snarleg tilbakemelding.

Med helsing

**Audhild Ragni Vie Alme**

Rådgjevar

***SEKOM-sekretariat***

Mobil: +47 97170064

Tlf jobb: 57612785

E-post: [arva@sekom.no](mailto:arva@sekom.no) <<mailto:arva@sekom.no>>

Hafstadvegen 42,Pb 338,6802 Førde

# SEKOM-sekretariat

<b>Saksgang</b> Fjaler kontrollutval Fjaler kontrollutval	<b>Møtedato</b> 12.11.2014 12.01.2015	<b>Saksnr</b> 031/14 004/15
-----------------------------------------------------------------	---------------------------------------------	-----------------------------------

<b>Sakshandsamar:</b> Audhild Ragni Vie Alme	<b>Arkiv:</b> FE-217	<b>Arkivsaknr.:</b> 14/221
-------------------------------------------------	-------------------------	-------------------------------

## Val og tinging av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt

### Vedlegg:

<b>Dok.dato</b> 03.11.2014	<b>Tittel</b> KOM-111/12 Eigarskapspolitikk for Fjaler kommune 2012	<b>Dok.ID</b> 767
-------------------------------	------------------------------------------------------------------------	----------------------

### Tilråding:

*(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).*

Vert lagt fram utan tilråding.

### Handsaming i Fjaler kontrollutval 12.11.2014:

KRYSS Revisjon og rådmannen møtte i saka.

Framlegg til vedtak:

Saka vert utsett.

### Samrøystes vedteke.

### FJA-031/14 Vedtak:

Saka vert utsett.

...

### Saksutgreiing til møte 12.11.2014:

KRYSS Revisjon leverte 20.10.2014 forvaltningsrevisjonsrapport for Fjaler kommune – Rutinar rundt sjukefråvær, og kontrollutvalet skal difor velje og tinge eit nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt.

I fylgje plan for forvaltningsrevisjon Fjaler kommune 2012-2015, vedteken av kommunestyret 17.12.2012 i sak KOM-112/12, føreligg det følgjande prioritering av prosjekt:



1. Rutinar kring sjukefråvær (levert og handsama i kommunestyret 15.12.2014, KOM-098/14)
  2. Internkontroll
  3. Innkjøpsfunksjonen
- Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å leggje til nye prosjekt og/eller endre prioritering i perioden.

På oppfølgingslista har kontrollutvalet sett opp at dei vil sjå på eigarskapen i selskap som eit mulig forvaltningsrevisjonsprosjekt, for å få ei vurdering av korleis kommunen brukar sitt eigarskap i dei selskapa dei er eigar i. Eigarskapspolitikk for Fjaler kommune 2012, vart vedteken i kommunestyret 17.12.2012 sak KOM-111/12, sjå vedlegg.

Kontrollutvalet ynskjer at rådmannen møter og kan komme med eventuelle innspel til val av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt. Revisor er også kalla inn til møte. Rådmann og revisor er i e-post datert 17.9.2014 gjort merksam på at kontrollutvalet sitt møte 30. oktober er flytta til 12. november, og at kontrollutvalet vil vurdere val og tinging av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt i dette møtet.

#### **Tilleggsutgreiing til møte 12.1.2015:**

Det har kome innspel til om ein kunne starta eit prosjekt på «Eigarskapskontroll i Sunnfjord Energi AS». Der ein og får ei vurdering av selskapet si inntening samanlikna med liknande selskap i bransjen.

SEKOM-sekretariat har drøfta prosjekt for Eigarskapskontroll i Sunnfjord Energi, med KRYSS Revisjon, og kan ikkje sjå at dei eller vi har kompetanse til å gjennomføre eit slikt prosjekt. Det vil sei at det må leigast inn firma med slik kompetanse for å utføre dette forvaltningsrevisjonsprosjektet, og kommunestyret må løyve midlar til prosjektet. Innspelet bør kanskje vere ein del av grunnlaget for kommunestyret sin eigarskapsstrategi, og i tilfelle vere ein del av Fjaler kommune sin eigarskapspolitikk.

SEKOM-sekretariat tilrår difor ikkje å velje eit slikt prosjekt, men at kontrollutvalet går for prosjekt som ligg i den vedtekne planen for forvaltningsrevisjon i Fjaler kommune.



## Eigarskapspolitikk for Fjaler kommune 2012

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m. Kommunestyret	Møtedato 17.12.2012	Saksnr <b>111/12</b>	Saksansvarleg OLH
Arkivsaknr 12/990	Sakshandsamar Ola Hovland	Arkiv K1-026	

### RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Vurdering av fortsatt eigarskap i selskap som kommunen er medeigar i blir vedteke.

### 17.12.2012 KOMMUNESTYRET

#### Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### KOM-111/12 VEDTAK:

Vurdering av fortsatt eigarskap i selskap som kommunen er medeigar i blir vedteke.

### Trykte vedlegg i saka

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
8	X	31.10.2012		Sunnlab AS - 2012
2	X	31.10.2012		Dale Utleigebygg AS - 2012
9	X	14.11.2012		Firda produkt AS - 2012
13	X	14.11.2012		Sunnfjord Miljøverk (SUM) IKS 2012
17	X	14.11.2012		SYS IKT, §27 - 2012
16	X	14.11.2012		SEKOM sekretariat §27 - 2012
15	X	14.11.2012		Kommunerevisjon Ytre Sogn og Sunnfjord (KRYSS revisjon) §27 - 2012
12	X	15.11.2012		Transplant Eigedom AS - 2012
18	X	15.11.2012		Fjaler Næringsutvikling (FNU) medlemsorganisasjon - 2012
6	X	15.11.2012		Lutelandet Utvikling AS - 2012
4	X	15.11.2012		Alarmsentralen IKS - 2012
3	X	15.11.2012		Vevang Produksjon AS - 2012
10	X	27.11.2012		Haugland Internasjonale FOU senter AS - 2012
14	X	27.11.2012		Sunnfjord og Ytre Sogn interkommunale legevaktsamarbeid IKS - 2012
20	X	28.11.2012		Alden hamneområde §27

5	X	04.12.2012	Sunnfjord Energi AS - 2012
7	X	06.12.2012	Firda Billag AS - 2012
11	X	06.12.2012	Eigarskapspolitikk som eigar i selskap - 2012
19	X	06.12.2012	Dingemoen idrettspark , forening - 2012
23	X	06.12.2012	Visit Fjordkysten AS - 2012
22	X	06.12.2012	Foreningen Vest Norges Brusselkontor - 2012
1	X	06.12.2012	Oversikt over verksemder - eigardel og verv

## **Ikkje trykte vedlegg i saka**

### **SAKSUTGREIING:**

Første eigarskapsmelding for Fjaler kommune vart vedteken av kommunestyre 8.11.10.

I høve førre melding er det komt til 4 nye selskap; Visit Fjordkysten AS, Kystvegen Måløy Florø AS, Alden hamneområde og Foreningen Vest Norges Brusselkontor.

Kystvegen er eit nystarta selskap og her er ikkje eigarskap vurdert i denne meldinga.

Del I av eigarmeldinga omhandlar i det vesentlege eigarpolitikk der det er gjort greie for motiv og mål for offentleg eigarskap, krav retta mot eigar, kva krav ein stiller til selskapet og kva arbeidsform som blir lagt til grunn for administrativ og politisk utøving av eigarrolla.

Del II av eigarmeldinga har omtale av kvart av selskapa som kommune har eigarskap i og ei vurdering av å halde fram med eigarskapen. I trykte vedlegg til saka vil ein finne ei vurdering av kvart enkelt selskap som Fjaler kommune er medeigar i.

I all hovudsak er årsmeldingar og rapportar brukt til å samanfatta faktaopplysningar på kvart selskap, jf pkt 2.2 i del 1. Rapportering av styresamansetning er i stor grad knytta til kven som sat i styre i 2011. I nokre selskap er det oppdatert med gjeldande styre.

Eigarskapspolitikk og vurderingar av selskap er i denne omgang gjort for Fjaler, men det vil vere naturleg for framtida å samarbeide med nabokommunane både med omsyn til eigarskapspolitikk og vurdering av selskap som ein eig i fellesskap. På den måte vil ein i større grad kunne optimalisere arbeidet (fordele selskapa) og følgje det enkelte selskapet sin aktivitet gjennom året og ta initiativ til felles drøfting av sakene før eigarmøta. Viser elles til folkevaldopplæringa og gjennomgang av eigarskapspolitikk.

### **VURDERING:**

I og med at selskapa sine formål, storleik og status er ulike, er det ikkje gjort noko samla vurdering utover følgjande kommentarar:

For dei største aksjeselskapa er det viktig å fokusere på selskapa sine evne til å jobbe strategisk og ha fokus på avkastning.

I selskap med næringsdrift bør det stillast same krav til avkastning på investert kapital som det ein privat eigar vil gjere, jf. , jf. pkt 3h i eigarpolitikken. I desse selskapa er det og viktig å gjere særskilt grundige vurderingar i samsvar med pkt 4 i eigarpolitikken.

Kommunale samarbeid og selskap er det viktig å fokusere på kvalitet og effektivitet. Generelt er det viktig at alle er merksam på reglar for kjønnsrepresentasjon og habilitet.

# FJALER KOMMUNE

## EIGARPOLITIKK SOM EIGAR I SELSKAP

	<b>DEL 1</b>	
<b>1</b>	<b>BAKGRUNNEN FOR EIGARMELDINGA</b>	
1.1	Motiv og mål for offentlig eigarskap	
<b>2</b>	<b>GRUNNLAG FOR GODT OFFENTLEG EIGARSKAP</b>	
2.1	Obligatorisk opplæring og informasjon til folkevalde.	
2.2	Utarbeiding av eigarskapsmeldingar	
2.3	Utarbeiding og revidering av selskapsstrategi og selskapsavtaler/vedtekter	
2.4	Vurderingar og val av selskapsform	
2.5	Fysisk skilje mellom monopol og konkurranseverksemd	
<b>3</b>	<b>ARBEIDSFORMA FOR POLITISK OG ADMINISTRATIV UTØVING AV EIGARROLLA</b>	
3.1	Rolla til dei valde representantane	
3.2	Politiske avklaringar i forkant av møte i selskapet	
3.3	Rapportering om utviklinga av eigarstrategien for Fjaler kommune	
<b>4</b>	<b>OMFANGET AV DET KOMMUNALE EIGARSKAPET</b>	
4.1	Selskapet	
4.2	Avgrensingar i eigarskapen	
	<b>DEL II</b>	
	<b>Omtale av kvart av selskapa som kommune har eigarskap i og ei vurdering av framleis eigarskap.</b>	

Vedteken i kommunestyre 17.12.12 – sak .../12

# DEL 1 EIGARPOLITIKK

## 1. BAKGRUNNEN FOR EIGARMELDINGA

Kommunestyret vel representantar til styre og representantskap i selskap kor ein har eigarinteresser.

Det kan vere ulike grunnar til at ein kommune heilt eller som part etablerar eit selskap, men slik som utviklinga er på dei fleste område blir det stilt store krav til profesjonalitet i utøving av eigarskap.

Eit aktivt eigarskap er grunnleggande for ein best mogleg lokalpolitisk forvaltning av dei samla verdiar og har direkte konsekvens for verksemdene, deira disponeringar og marknadsposisjon.

**Det er viktig at kommunen for å kunne utøve eit profesjonelt eigarskap, har eit medvete forhold til føremål, generelt om verksemda til selskapet, økonomiske utvikling, framtidig utvikling og målet med kommunen sin eigarskap. Det er og viktig at den enkelte representant som blir valt til å representere kommunen er sitt ansvar bevisst i mellom anna føremål med kommunalt eigarskap.**

Ein eigarskapsmelding vil sikre nødvendige styringssignal til selskapa, tydeleggjere lokalpolitikarane sitt ansvar og som resultat av dette styrke kommunen sitt omdømme.

### 1.1 Motiv og mål for offentleg eigarskap

Ein eller fleire av desse fem kategoriane nedanfor skal leggjast til grunn for utforming av mål og motiv for selskapa som kommunen eig eller er medeigar i:

- Finansielt motivert
- Politisk motivert
- Effektivisering av tenesteproduksjon
- Samfunnsøkonomisk motivert
- Regionalpolitisk posisjonering

## 2 GRUNNLAG FOR GODT OFFENTLEG EIGARSKAP

Følgjande prinsipp skal leggjast til grunn for Fjaler kommune si eigarskapspolitiske plattform, her under eigarstyring, leiing av verksemd og kontroll

### 2.1 Obligatorisk opplæring og informasjon til folkevalde.

Kommunen bør som ein del av folkevaldopplæring gjennomføre obligatoriske kurs og/eller eigarskapsseminar for alle folkevalde i dei ulike aspekta i samband med eigarstyring i løpet av det fyrste året av valperioden.

## 2.2 Utarbeiding av eigarskapsmeldingar

Eigarskapsmeldinga er eit overordna politisk styringsinstrument for verksemder som er lagt til eit anna rettssubjekt eller et anna interkommunalt organ.

Kvart år bør det leggjast fram ei sak på eit kommunestyremøte etter sommaren med rapportar frå alle selskapa som Fjaler har eigarinteresse i.

- 1) Kommunen sin samla eigarstrategi vert utforma og følgt opp av kommunestyret
- 2) Årsmelding og årsrekneskap frå selskapa vert lagd fram for kommunestyret
- 3) Viktige spørsmål å drøfte i forhold til selskapa er:
  - a) Aktuelle planar og utsikter for dei kommande åra
  - b) Økonomisk utvikling og viktige hendingar (jfr. årsberetning)
  - c) Mål og prinsipp for kommunen sitt eigarskap i selskapet
  - d) Er kommunalt eigarskap framleis føremålsteneleg
- 4) Anna viktig informasjon for å ivareta openheit og meiroffentlegheit:
  - a) Kven som er styremedlem samt registrering i [www.styreervregisteret.no](http://www.styreervregisteret.no)
  - b) Styrehonorar – som reflektere ansvaret, kompetanse, tidsbruk og verksemda sin kompleksitet.
  - c) Kven som er revisor
  - d) Eigarandel

## 2.3 Utarbeiding og revidering av selskapsstrategi og selskapsavtaler/vedtekter

Selskapa si verksemd/virke skal komme klart fram av vedtektene/selskapsavtalen. Innan for rammene av vedtektene/selskapsavtalen skal selskapet ha definert klare mål og strategiar.

### 1. Selskapet skal vere bevisst samfunnsansvar sitt

- a. Det bør utarbeidast og jamleg reviderast etiske retningslinjer.
- b. Sjølvstendige verksemder bør søke medlemskap i ein arbeidsgjevarorganisasjon.
- c. Meiroffentlegheit bør vere eit prinsipp

## **2. Eigarane skal handsamast likt**

- a. Selskapet skal gi dekkjande informasjon i god tid om saker som er til handsaming. Saksdokumenta bør vere utførlege nok til at eigarane kan ta stilling til alle saker som skal handsamast.
- b. I aksjeselskap bør innkalling og saksdokument til generalforsamling sendast ut minst fire veker før generalforsamlinga.
- c. For interkommunale selskap skal innkalling og saksdokument til representantskapsmøtet sendast minst fire veker før møtet.

## **3. Opningsbalansen skal vere tilpassa formålet med eigarskapet og selskapet sin situasjon.**

- a. Finansieringa av selskapet må tilpassast type verksemd.
- b. Selskapet bør ha ein eigenkapital som er tilpassa mål, strategi og risikoprofil.
- c. Selskapet bør ha ein strategi på kapitalbinding – stor kapital er vanlegvis ikkje ynskjeleg for kommunen.
- d. Løns- og insentivordningar bør utformast slik at dei fremjar verdiskapinga, og skal vere rimelege. Hovudprinsippet bør vere at selskap med kommunar som eigar, følgjer kommunale lønsvilkår.
- e. Vedtekter eller selskapsavtale bør tydeleg vise om selskapet skal utføre oppgåvene sjølv eller om dei skal eksponerast for konkurranse.
- f. Ved leveranse av tenestar frå selskapet til eigarkommunane bør det stillast krav om tenesteavtalar.
- g. Det er naturleg at eigar måler resultat ved avkastning på den kapitalen som selskapet forvaltar, kor tilfredse kundane er og HMS tilhøve, samt krav til likestilling i høve til styrande organ.
- h. Det bør utgreiast ein klar utbyttepolitikk. I selskap med næringsdrift, bør ein offentleg eigar stille dei same krava til avkastning på investert kapital som det ein privat eigar vil gjere.

## **4. Styret skal ha nødvendig kompetanse, kapasitet og mangfald.**

- a. Samansetjing av styret må ein sjå i forhold til formål.
- b. Det er viktig at styret vert vald ut frå selskapet sitt behov, vedkommande sin kompetanse og styret si totale samansetjing.

- c. I selskap med betydelege sektorpolitiske mål bør det vurderast konkret om medlemar i styret bør vere nært knytte til kommunen si politiske og administrative leing.
- d. Same person skal ikkje sitje i både generalforsamling og styre i eit selskap.
- e. For å sikre utvikling av nødvendig kompetanse i styret skal det etablerast rutinar som ein del av styrets rammer:
  - a) Avklaring av roller ansvar og oppgåver,
  - b) Krav til kompetanse
  - c) Styreevaluering og årsplanlegging med fokus på mål, strategi og gjennomføring.
  - d) Rapportering til eigar – årsrapportering.
- f. Oppnemning av vararepresentantar bør vere numerisk og ikkje personleg vara gitt utifrå behovet for å kontinuitet og kompetanse.
- g. Habilitet. Nye reglar. Ein bør unngå situasjonar der styrets medlem blir vurdert i forhold til forvaltningslova sine reglar om habilitet.
  - a) Etter kommunelova § 72.1 kan ikkje administrasjonssjef og ordførar sitte i føretaksstyra (frå 1.1.10).
  - b) Etter forvaltningslova §6 kan ingen kommunalt tilsette eller folkevalte handtere saker i kommunen som gjelder eit selskap der dei sjølv er styremedlemmar, også der selskapa er fullt ut offentleg eigde.(Trer i kraft frå 1.11.11)
- h. Kjønnrepresentasjon. Kommunelova § 80a Stiller krav om Kjønnrepresentasjon i styra i samsvar med Aksjelova §20-6

## **5. Valnemnd i aksjeselskap og interkommunale selskap**

- a. For aksjeselskap og interkommunale selskap bør det vedtektsfestast bruk av valnemnd for å sikre samansetjing av styre med kompetanse i tråd med eigars formål med verksemda.
- b. Valnemnda bør gjenspegle eigarsitsen og fleirtalet av nemnda bør vere uavhengig av styret og tilsette.
- c. Valnemnda si innstilling skal grunnjevast.



**6. Styret skal uavhengig av grunnlag ha ein aktiv rolle overfor dagleg leiar når det gjeld service, kontroll, strategi og ressursituasjon. Styret bør:**

- a. Leggje til rette for god dialog på generalforsamling/representantskapen mellom eigarar, styret og leiinga.
- b. Fastsetje ein årleg plan for arbeidet sitt med særleg vekt på mål, strategi og gjennomføring.
- c. Utarbeide plan for eige arbeid og eigen kompetanseutvikling samt evaluere verksemda si.
- d. Nye styremedlemer må lærast opp til kva ansvar og rolle dei har.

**I tillegg til prinsippa ovanfor om godt eigarskap, gjeld dette:**

Politisk vedtatt eigarstrategi bind deltakarane i generalforsamling og representantskap. I alle selskap vert det stilt krav om at sakliste og saksdokument til representantskapet, generalforsamling eller andre eigarorgan i selskapet skal sendast ut minimum 30 dagar før møtet. Dokumenta skal sendast til ordførar, valde representantar og rådmann. Når fleire kommunar i fellesskap eig eit selskap, bør eit særskilt ansvar for oppfølging av selskapet fordelast mellom rådmennene. Den som har koordineringsansvaret for eit selskap, har som oppgåve å følgje med i selskapet sin aktivitet gjennom året og ta initiativ til felles drøfting av sakene før eigarmøta. Føremålet med ei slik arbeidsdeling er også at rådmennene i større grad skal kunne hjelpe ordførar og valde representantar i forkant av eigarmøta.

## **2.4 Vurderingar og val av selskapsform**

Det er eigaren sitt ansvar å sikre ein selskapsform som er tilpassa verksemda sitt formål, eigarstyringsbehov, marknadstilhøve og konkurranseregelverket. Før eit selskap vert danna, bør det analyserast kva eigar ynskjer å oppnå ved å opprette eit selskap framfor ei meir tradisjonell etatsorientering. Tilsvarande analyse bør gjerast når eigarstrategien skal utarbeidast.

Kommunane har følgjande muligheiter:

1. Aksjeselskap, etter aksjeloven. Generalforsamlinga er øvste organ.
2. Interkommunalt selskap (IKS), etter lov om interkommunale selskap. Representantskapen er øvste organ.

For begge desse selskapsformene blir det stilt krav til styring gjennom etablering av formelle styringsorgan som sikrar selskapa nødvendig autonomi for å fungere som sjølvstendige rettssubjekt. Kommunestyret overfører mynde til å utøve styringa til eigarorganet.

3. Kommunalt foretak etter kommunelova kap 11.

Der kommunen ynskjer å gi verksemda ein nok omeir sjølvstendig stilling enn det som gjelder i den tradisjonelle etatsmodellen kan den etablere eit styre etter kommunelovas kap. 11. Kommunestyret er øvste organ.

#### 4. Interkommunale samarbeid/styre etter kommunelova §27

Kommunane står fritt til å samarbeide på ulike områder utan at det er overdratt beslutningsmyndigheit eller representasjonskompetanse ved bruk av klova §27. Avhengig av kor mykje mynde som blir overført til styret, er enkelte av verksemdene å rekne som sjølvstendige rettssubjekt.

#### 5. Stiftingar etter Stiftelseslova av 2001

Oppretterne står fritt til å fastsette formålet, og stiftelsen er eit sjølvstendig rettssubjekt. Stiftelsar har til forskjell frå dei øvrige ingen eigarar. Verken opprettaren eller andre kan med grunnlag i eigedomsretten gjere krav på del i stiftinga sitt overskot. Er ikkje anbefalt for verksemder som krev eigarstyring.

### **2.5 Fysisk skilje mellom monopol og konkurranseverksemd**

Sjølv om konkurranselova ikkje har lovfesta at man skal dele frå verksemder som driv i konkurranse med det private frå monopolverksemd, blir det anbefalt at dette blir gjort der det er mogleg for å unngå rolleblanding. Unntak bør berre gjerast der det kan synleggjerast samdriftsfordelar som tilseie at man har felles organisering.

### **3 Arbeidsforma for politiske og administrativ utøving av eigarrolla**

Følgjande reglar og arbeidsformer skal brukast i eigarstyringa.

#### **3.1 Rolla til dei valde representantane**

- a) Dei valde representantane skal ivareta kommunen sine interesser gjennom å delta aktivt i selskapet sine organ.
- b) Oppgåver i styret vert løyste til beste for selskapet si utvikling og i samsvar med styreinstruks og eigarkrav.
- c) I enkeltsaker av prinsipiell og stor betydning kan formannskapet instruere representantane.

#### **3.2 Politiske avklaringar i forkant av møte i selskapet**

Før møte i eit selskap skal dei valde representante i Fjaler kunne få politiske avklaringar. Dette gjeld generelt og i saker av uvanleg art eller stor betydning spesielt. Dette skjer på følgjande måte:

Dersom ein representant melder inn ei sak eller emne før møte i Formannskapet, vurderar ordføraren dette og hentar eventuelt inn råd frå gruppeleiarane og/eller rådmann. Det blir tatt opp sak i Formannskapet enten i opent eller lukka møte, og representantskapen får svar om kommunen sitt råd/syn. Ei slik sak bør meldast til ordførar minst ei veke før møte i Formannskapet.

Dersom ein representant melder inn spørsmål til oppklaring, er det tilstrekkeleg at rådmannen vurderer dette og gir svar til representanten om kommunen sitt råd/syn.

### **3.3 Rapportering om utviklinga av eigarstrategien for Fjaler kommune**

Kvart år bør det leggjast fram ei sak på eit kommunestyremøte etter sommaren med rapportar frå alle selskapa som Fjaler kommune har eigarinteresse i.

- a. Kommunen sin samla eigarstrategi vert utforma og følgt opp av kommunestyret.
- b. Årsrapport og årsrekneskap frå selskapa vert lagde fram for kommunestyret.
- c. Viktige spørsmål å drøfte i forhold til selskapa er
  - Har kommunen ein tydeleg eigarstrategi
  - Stemmer eigarstrategien med dagens formål?
  - Er kommune sitt engasjement framleis gyldig?
  - Er drifta i selskapet i samsvar med selskapet sitt formål?
  - Korleis er selskapet si økonomiske stilling m.m.?

## **4 Omfanget av det kommunale eigarskapet**

### **4.1 Selskapa**

Fjaler kommune har pr. 2010 eigarskap i 10 aksjeselskap. Av aksjeselskapa er Vevang produksjon heileigd av Fjaler kommune, dei andre er eigd anten i lag med kommunar eller private, eller i ein kombinasjon av dette og eigarprosenten varierar frå 3,95% til 100%

Aksjeselskapa er desse:

Vevang produksjon AS, Transplant Eigedom AS, Lutelandet Utvikling AS, Haugland Internasjonale FoU Selskap AS, Sunn Lab AS, Firda Produkt AS, Sunnfjord Energi AS, Firda Billag AS (omdanna frå IKS – i løpet av 2010), Dale utleigebygg AS, Haugland Rehabiliteringssenter AS, Visit Fjordkysten AS, Kystvegen Måløy-Florø AS

Dei interkommunale selskapa (IKS) er:

SYS IKL, Alarmsentralen i S&Fj IKS, Sunnfjord Miljøverk IKS,

Fjaler kommune er med på følgjande interkommunale samarbeid (etter kommunelova sin §27 – egne rettssubjekt)

Kryss revisjon, Sekom-Sekretariat, SYS IKT, Alden hamneområde

Fjaler kommune er medstiftar i følgjande stiftingar Røde Kors Nordisk United World College, Stiftinga Jensbua.

Andre selskap: Fjaler Næringsutvikling – medlemsorganisasjon. Fjalerhallen driftsselskapet – foreining/lag/innretning, Foreningen Vest Norges Brusselkontor

Når det gjelder stiftingane er det ikkje tale om eigarskap sidan stiftingane eig seg sjølv. Stiftingane fell difor utanfor eigarskapsproblematikken. Stiftinga har ikkje noko operativt eigarorgan, t.d. ei generalforsamling, der eigarane utøve mynde. Det kan likevel vere ønskjeleg å få utvikle ein strategi for kommunen si eventuelle deltaking ved oppretting av nye stiftingar. Stiftelsar er ikkje anbefalt for verksemdar som krev eigarstyring.

## 4.2 Avgrensingar i eigarskapen

Sidan kommunen sin eigarprosent varierar frå 100% til under 1% (< 1000,- i AK) har vi valt å avgrense talet på selskap.

Dette gjelder følgjande postar: Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter AS – aksjekapital < 1%.

Andre verksemder som ikkje er teke med i vurderinga er:

Hagehola burettslag, Longehogen burettslag,

## Del II VURDERING AV SELSKAP OG EIGARSKAP

Del av eigarmeldinga har omtale av kvart av selskapa som kommune har eigarskap i og ei vurdering av framleis eigarskap.

### Følgjande mal ligg til grunn for vurdering av selskap og eigarskap:

Fjaler sin eigardel

Styret

Styregodtgjerlse m.v.

Revisor

Formål, marknad, kundar, aktivitet m.v.

Viktige hendingar i 20xx

Økonomisk utvikling

(kr. 1000,-)	20xx	20xx	20xx
Sum inntekt			
Resultat etter skatt			
Totalkapitalrentabilitet			
Gjeldsgrad (gjeld/EK)			
Likviditetsgrad			
Eigenkapitalprosent			

Økonomiparametra blir vurdert utifrå følgjande norm:

	Ikkje tilfredsstill.	Svak	Tilfredsstill.	God	Meget god
Resultat av drift	< 0%	0-2%	3-4%	5-7%	> 7%
Totalrentabilitet	< 1%	1-5,99%	6-10%	10-15%	> 15%
Likvidetsgrad (oml/kg)	< 0,5	0,5-0,99	1-1,49	1,5-2	> 2%
Eigenkapitalgrad (ek/t)	< 3%	3-9%	10-17%	18-40%	> 40%
Gjeldsgrad (sum g/ek)	> 20	20-8	7-3	2-1	< 1

Aktuelle planar og utsikter for dei kommande åra

Mål for kommunen sitt eigarskap i selskapet

Er kommunalt eigarskap framleis føremålsteneleg

Tilråding:

**OVERSIKT OVER VERKSEMDER - EIGARDEL OG VERV**
**AS**

tal i 1000

Selskap	Stifta	Eigardel	Andel aks	Styremedlem	Representantar
Sunnfjord Energi AS	1914	10,82 %	21 640	Mass K. Myklebust	Arve Helle
Firda Billag AS	1920	6 %	600	ingen	Arve Helle
SunnLab AS	2003	10 %	167	ingen	Arve Helle
Lutelandet Utvikling AS	2005	34 %	578	Arve Helle (nestleiar)	Arve Helle
Haugland Internasjonale FOU Selskap AS	1995/2005	33,77 %	51	Arve Helle og Linda Hovland	Arve Helle
Transplant Eigedom AS	2006	34,88 %	600	Ingeborg Tysnes, Yngve Åsnes	Arve Helle
Vevang produksjon AS	1990	100 %	100	Øystein Våge, Kjetil Felde (Anior F. Naustdal 31.12.11)	Formannskapet
Firda Produkt AS	1986	5 %	25	ingen	Arve Helle
Dale Utleigebygg AS	1986	3,95	25	ingen	Arve Helle
Visit Fjordkysten AS	2009	6,00 %	36	Linda Hovland	
Kystevegen Måløy - Florø AS	2012	3,47 %	25	ingen	

**IKS**

Sunnfjord Miljøverk IKS	1992	folketalet		Stig Moltumyr (Erling Hjelle til 31.12.11)	Mette Kvamme/Harald Vik (repr.skap)
Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS	2003	2,81 %		ingen	Edvin Bøthun
SYS IKL	2009	folketalet		Arve Helle (leiar)	Jan Ulltang (representantskap)

**INTERKOMMUNALE SAMARBEID etter kommunelova §27**

Namn	komm.l.	Fordeling	Styremedlem
KRYSS revisjon	2005	ressursbruk	Geir Tessem (Magnar Vagstad til 31.12.11)
SEKOM - sekret.	2004	ressursbruk	Magne Nordal (Jofred Åsnes til 31.12.11)
SYS-IKT	2005	folketal/fast	Ola Hovland
Alden hamneområde	2011	andel/fast	Gudmund Solheim (eigarrepresentant)

**ANDRE SELSKAP**

Fjaler Næringsutvikling (FNU)	2000	medl.organisasj		Arve Helle, Odd Helge Aase	Arve Helle
Dingemoen idrettspark - Fjalerhallen	1995	Forening		Anita Nyland Skaar, Frank Vik	Kommunestyret
Vest Norges Brusselkontor	2009	Forening		Arve Helle	
Hagehola burettslag				Øivind Helle	Arve Helle
Longehoge Burettslag					Arve Helle
Stiftinga Jensbua		stifting		Linda Hovland (FNU)	
Røde Kors Nordisk United World College		stifting			Arve Helle

# SEKOM-sekretariat

<b>Saksgang</b> Fjaler kontrollutval	<b>Møtedato</b> 12.01.2015	<b>Saksnr</b> 005/15
-----------------------------------------	-------------------------------	-------------------------

<b>Sakshandsamar:</b> Audhild Ragni Vie Alme	<b>Arkiv:</b> FE-033	<b>Arkivsaknr.:</b> 15/2
-------------------------------------------------	-------------------------	-----------------------------

## Reglement for Fjaler kontrollutval med reglement for høyring

### Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
02.01.2015	Reglement for kontrollutvalet, vedteke 17.12.2012 KOM-119/12	1188
02.01.2015	Framlegg til reglement for Fjaler kontrollutval	1182
02.01.2015	Framlegg til reglement for høyringar i Fjaler kontrollutval	1185

### Tilråding:

*(Saka går vidare til kommunestyret).*

1. Framlegg til reglement for Fjaler kontrollutval datert 2.1.2015, vert vedteke.
2. Framlegg til reglement for høyringar i Fjaler kontrollutval datert 2.1.2015, vert vedteke.

### Saksutgreiing:

Reglementet for kontrollutvalet i Fjaler vart vedteke av kommunestyre 17.12.2012, sak 119/12. Her heiter det i § 5 at møta skal haldast for lukka dører.

Kommunelova § 77 nr. 8 om at møta i kontrollutvalet skulle haldast for lukka dører vart oppheva frå 1. juli 2013. Dette inneber at den alminnelege regelen om møteoffentlegheit i § 31 også vil gjelde for kontrollutvalet.

SEKOM-sekretariat held difor på med gjennomgang av reglementa for kontrollutvala i dei 15 kommunane som vi føl opp. Tanken er at reglementa skal vere oppdaterte til gjeldande lovverk før valet. (Kommunelova sine reglar gjeld sjølv om ikkje ordlyden i det lokale reglementet er endra).

Nokre kommunar har i samband med nytt reglement også vedteke reglement for høyring i kontrollutvalet. Her er [lenke til rettleiaren](#) for høyring i kontrollutvala, som Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) har utarbeidd.

Etter avklaring med leiaren for kontrollutvalet, legg vi difor fram ei samla sak med framlegg til nytt reglement for kontrollutvalet og reglement for høyringar i kontrollutvalet.

Rådmannen har ikkje innvendingar mot at SEKOM-sekretariat førebur sak om endra reglement for Fjaler kontrollutval.



# Reglement for kontrollutvalet

---

Vedteke av Fjaler kommunestyre 17.12.2012, sak XX/XX

## §1. Virkeområde

Lov 25. september 1992 nr. 107 om kommunar og fylkeskommunar (kommuneloven) og forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar vedteken av Kommunal- og regionaldepartementet 15.juni 2004, gjeld i sin heilskap for kontrollutvalet sitt virke

## §2. Kontrollutvalet

Kontrollutvalet skal på vegne av kommunestyret føra løpande tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltninga, herunder påsjå at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. Kontrollutvalet skal mellom anna syte for at det vert utført rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og laga plan for selskapskontroll. Kontrollutvalet skal framstå som eit kompetent, uavhengig, objektivt og synleg organ med høg integritet.

## §3. Målsetting

Kontrollutvalet skal sikra den allmenne (generelle) tillit til at dei kommunale oppgåver vert ivareteke på best mogeleg vis ved å mellom anna å påsjå at :

- ✓ Kommunen brukar ressursar til å løyse oppgåver som samsvarar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader.
- ✓ Ressursbruken og verkemiddela til kommunen er effektive i høve til dei mål som er sett på området.
- ✓ Lov- og regelverk vert etterlevd i den kommunale forvaltninga
- ✓ Styringsverktøyet og verkemiddela til kommunen er føremålstenelege.
- ✓ Resultata i tenesteproduksjonen er i samsvar med kommunestyret sine føresetnader.
- ✓ Kommunen sitt årsrekneskap, særrekneskap og prosjektrekneskap vert revidert på ein trygg måte

## §4. Val- og samansetting



Kontrollutvalet skal ha tre medlemmer.

Kommunestyret vel medlemmer til kontrollutvalet. Dei vel og kven som skal vere leiar og nestleiar. Eitt medlem skal veljast frå kommunestyret sine medlemmer.

Leiar bør kome frå eit av dei partia som ikkje utgjer fleirtalskonstellasjonen.

Kontrollutvalet bør veljast som fyrste val etter formannskapet.

Utvalet sin leiar og nestleiar har møte- og talerett i kommunestyret når utvalet sine saker vert handsama.

Kommunestyret kan til ei kvar tid velja nytt utval. Ved utskifting av eit eller fleire medlemmer av utvalet, skal det formelt gjerast nyval av alle medlemmer.

## **§5.Sakshandsaming**

Dersom utvalet sjølv ikkje har vedteke noko anna, skal møta haldast for lukka dører.

Det er ikkje høve til telefonmøter eller liknande.

Framlegg til vedtak som vert fremja av medlemmer under utvalet sine møter skal vere skriftlege.

Innkalling til møte vert å sende til utvalet sine medlemmer, varamedlemmer, ordførar, rådmann og

oppdragsansvarleg revisor. Desse har og krav på møteprotokoll.

## **§6.Kontrollutvalet sine oppgåver**

- ✓ Kontrollutvalet avgjer saker som gjeld utvalet sitt ansvarsområde (mynde) og oppgåver etter kommunelova kap. 12, forskrift om revisjon og forskrift om kontrollutval så lenge desse reglane ikkje legg avgjerslemynde til kommunestyret. Kontrollutvalet gjev innstilling til kommunestyret i dei saker som kommunestyret skal slutthandsame. Dette gjeld årsmelding frå kontrollutvalet, forvaltningsrevisjonsrapportar og andre rapportar. I rekneskapssaker gjev kontrollutvalet uttale. I slike saker gjer kommunestyret vedtak når revisjonsmelding og uttale frå kontrollutval føreligg etter innstilling frå formannskap.
- ✓ Kontrollutvalet skal påsjå at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. For å utføre dette tilsynsarbeidet er det naudsynt at revisjonen legg fram planar for sitt revisjonsarbeid i Fjaler kommune. Desse planane må fremjast for utvalet til handsaming. Vesentlege avvik skal oppdragsansvarleg revisor rapportere direkte til utvalet. Sekretariatet vil i bae høve vera sakshandsamar.
- ✓ Kontrollutvalet gjev innstilling direkte til kommunestyret i saker som gjeld val av revisjonsordning og val av revisor.
- ✓ Utgifter som gjeld tilsyn og kontroll skal skiljast ut som eigne postar, ein for revisjonshonorar, ein for sekretariathonorar og ein for drift av kontrollutvalet.

Kontrollutvalet skal også utarbeide forslag til budsjett for kontroll og tilsynsarbeidet, jfr §18 i forskrift om kontrollutval i kommunar.

## **§7.Tilvisningsmynde**

Utvalsleiar får tilvisningsmynde for revisjonshonorar, sekretariathonorar og utvalet sine driftsutgifter innanfor vedtekne budsjett. Utvalsleiar sine eigne utgifter vert tilvist av ordførar. I utvalsleiar sitt fråvær kan utvalsleiar delegere tilvisningsmynde til andre i utvalet.

## **§8.Bruk av sakkyndig hjelp**

Når ein situasjon krev det kan Kontrollutvalet hente inn sakkyndig hjelp utover bistand frå sekretariat og revisjon.

## **§9.Iverksetting**

Reglementet tek til å gjelde frå den dato det er vedteke av kommunestyret.

Dato: 02.01.2015

Vår referanse: 15/4

Arkiv: FE-033

## Framlegg til reglement for Fjaler kontrollutval

Lov av 25. september 1992 nr. 107 om kommunar og kommunar (Kommunelova) i tillegg til "Forskrift om revisjon" og "Forskrift om kontrollutval" fastsett av kommunaldepartementet den 15. juni 2004 med heimel i nemnde lov er bindande og gjeld i sin heilskap.

### § 1 Kontrollutvalet sitt føremål

Kontrollutvalet skal føre tilsyn med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret, irekna å sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

Utvalet skal gjennom sitt arbeid sørge for at innbyggjarane og andre interessentar har tillit til kommunen, og at kommunen leverer sine tenester og utfører sitt mynde effektivt og målretta i samsvar med lov, forskrift og andre reglar samt kommunestyret sine føresetnader og vedtak. Utvalet skal vere eit kompetent, uavhengig, objektivt og synleg organ med høg integritet.

Det er berre kommunestyret som kan pålegge kontrollutvalet oppgåver utanom dei oppgåvene som er lovfesta.

### § 2 Val – samansetjing

Kontrollutvalet skal ha 5 medlemar. Det skal veljast minst 3 varamedlemar. Minst ein av medlemane skal veljast blant kommunestyret sine medlemar. Dei andre medlemane vert valde på fritt grunnlag.

Leiar og nestleiar vert valde på fritt grunnlag.

Leiaren bør veljast frå eit av partia/gruppene i kommunestyret som ikkje har ordførar.

Kontrollutvalet skal veljast som første utval etter val av formannskap, ordførar og varaordførar jf kommunelova § 17.

Ved val av medlemar og varamedlemar skal omsynet til representativitet i kommunestyret særleg ivaretakast. Det bør vidare leggest vekt på å få medlemar og varamedlemar med god erfaring frå

arbeidet som folkevald. Om mogeleg bør omsynet til kontinuitet blant medlemane i kontrollutvalet ha merksemd ved valet.

Utelukka frå val er ordførar, varaordførar, medlem og varamedlem av formannskapet, medlem av kommunal nemnd/utval med mynde til å ta avgjersle på kommunen sine vegne og tilsette i kommunen. Det same gjeld den som leiar eller har leiande stilling i, eller er medlem av styret eller bedriftsforsamling for eit selskap mv. som kan vere gjenstand for selskapskontroll, jf kommunelova § 77 nr. 5.

Utover dette gjeld kommunelova sine reglar om val av faste utval.

Valretten ligg til kommunestyret.

### **§ 3 Kontrollutvalet sine oppgåver - Arbeidsområde og saksgang**

Kontrollutvalet sine oppgåver er gitt i kommunelova kap. 12 forskrift om kontrollutval og forskrift om revisjon. Kommunestyret kan be utvalet utføre særskilte tilsynsoppgåver på sine vegne.

Kontrollutvalet skal i følgje kommunelova sørgje for at følgjande oppgåver vert utført:

- Rekneskapsrevisjon, sjå til at rekneskapa vert revidert på ein trygg måte, gje uttale til årsrekneskapa for kommunen og sjå til at revisor og kommunestyret sine merknader vert fylgt opp.
- Forvaltningsrevisjon, som er systematiske vurderingar av kommunen sin økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnadar. Kontrollutvalet skal utarbeide plan for forvaltningsrevisjon, som skal leggest fram for kommunestyret. Utvalet skal rapportere resultata av gjennomførte forvaltningsrevisjonar til kommunestyret.
- Selskapskontroll, som inneber å føre kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap. Kontrollutvalet utarbeider plan for selskapskontroll. Vidare skal utvalet sørgje for å få gjennomført selskapskontrollar i samsvar med planen, og rapporterer til kommunestyret om gjennomførte selskapskontrollar.
- Granskingar eller undersøkingar. Kontrollutvalet kan på eige initiativ eller etter vedtak i kommunestyret foreta granskingar eller undersøkingar av kommunen si verksemd.

Kontrollutvalet skal, innan utgangen av året etter nytt utval er på plass, legge fram Plan for forvaltningsrevisjon og Plan for selskapskontroll til kommunestyret. Det er kommunestyret som vedtek desse planane.

Kontrollutvalet skal vedta årsmelding for eiga verksemd. Årsmeldinga vert lagt fram for kommunestyret.

Kommunestyret skal sørgje for at kontrollutvalet har eit ressursgrunnlag som er tilpassa utvalet sine oppgåver og ansvarsområde. Kontrollutvalet gir tilråding om budsjett for drift av kontrollutvalet. Denne tilrådinga vert av formannskapet vurdert innarbeidd i formannskapet sitt samla framlegg til budsjett. Tilrådinga frå kontrollutvalet skal følgje budsjettsaka til kommunestyret. Kontrollutvalet har fullmakt til å omfordele budsjettet mellom tenester/ansvar.

#### **§ 4 Møte og sakshandsaming i kontrollutvalet – Saksgang**

Ordinære møte vert avvikla i samsvar med fastsett møteplan for kontrollutvalet. Kontrollutvalet sine møte er opne. Lukking av møta må skje etter gjeldande lovverk.

Møteinnkalling vert sendt ut ei veke før møte til medlemmane i utvalet, med kopi til ordførar, rådmann, revisor og varamedlemar.

Møta vert i utgangspunktet avvikla på kommunehuset, men kan leggest til andre stader når kontrollutvalet finn dette formålstenleg.

Kontrollutvalet gjer alle sine vedtak i møte. Det vert ført protokoll frå møta i utvalet. Protokollen vert godkjent i møtet. Protokollen vert sendt utvalsmedlemene, varamedlemene, revisor, ordførar og rådmann i etterkant av møta på e-post. Protokollen vert lagt ut på heimesida til kommunen og sekretariatet.

Melding om vedtak i kontrollutvalet vert sendt til rett instans i etterkant av møta.

Utvalet kan avvikle ekstraordinære møte når det er behov for det. Leiaren tek avgjerd om ekstraordinært møte skal gjennomførast.

Innkalling til ekstraordinære møte kan skje med kortare, men høveleg varsel enn for ordinære møte.

I særlege tilfelle kan utvalet gjennomføre kontrollutvalsmøtet som videokonferanse , telefonmøte eller på liknande måte, men det må sikrast at sakene får ein forsvarleg handsaming og at omsynet til ope møte kan ivaretakast.

Rådmannen eller tilsett i kommunen kan kallast inn til møte i kontrollutvalet for å svare på spørsmål om faktiske forhold eller klargjere eit saksforhold. Rådmannen skal alltid orienterast dersom tilsette vert kalla inn til utvalet.

Kontrollutvalet eller einskildmedlemar av utvalet kan delta i andre møte, studiereiser, synfaringar, konferansar og samlingar m.v som eit ledd i tilsynsansvaret, og få dekning av tapt arbeidsforteneste, reiseutgifter m.v etter kommunen sine reglar for slik deltaking. Kontrollutvalet fastset sjølv omfanget innanfor eige budsjett.

#### **§ 5 Møte- og talerett**

Ordførar har møte- og talerett i kontrollutvalet.

Ansvarleg revisor, eller den han peikar ut, har møte- og talerett i kontrollutvalet.

Kontrollutvalsleiar og nestleiar i kontrollutvalet har møte- og talerett i kommunestyret i samband med handsaming av saker lagt fram av kontrollutvalet.

Kontrollutvalet har høve til å møte i representantskapsmøte og generalforsamlingar til selskap som er 100% kommunalt eigde og som kommunen eig eller er medeigar i. Kontrollutvalet har ikkje talerett i desse møta.

## § 6 Sekretariat

Kontrollutvalet skal ha ei eiga sekretariatsordning som er tilpassa utvalet sitt behov. Sekretariatet skal ha kompetanse til å støtte kontrollutvalet på alle funksjonsområda til utvalet.

Sekretariatsfunksjonen kan ikkje leggest til kommunen sin administrasjon. Den som utfører revisjonsoppgåver for kommunen kan ikkje utøve sekretariatsfunksjon for kontrollutvalet. Det same gjeld medlemmar av kontrollutvalet eller kommunestyret.

Tilsette i sekretariatet skal vere uavhengig av administrasjonen i kommunen og uavhengig til kommunen sine revisorar.

Kommunestyret fastset kva sekretariatsordning kontrollutvalet skal ha etter tilråding frå kontrollutvalet.

### **Sekretariatet sine oppgåver**

Sekretariatet skal sjå til at dei saker som skal handsamast av kontrollutvalet er forsvarleg utgreidd og gjev tilråding til utvalet i sakene.

Sekretariatet sørgjer for at innkalling og føring av møtebok i samband med møta i kontrollutvalet.

Sekretariatet skal sjå til at kontrollutvalet sine vedtak, og kommunestyret sine vedtak i saker som kontrollutvalet fremjar for kommunestyret, vert effektuerte.

Sekretariatet skal følgje opp at saker som gjeld kontrollutvalet sitt ansvar og sine oppgåver etter lov og forskrift vert ivareteke og forsvarleg løyste. Kontrollutvalet kan leggje andre arbeidsoppgåver til sekretariatet i den grad lov eller forskrift ikkje er til hinder for dette.

Sekretariatet har fullmakt til å ta avgjerd i samråd med leiar i saker som er kurante der det haster med ei avgjerd med melding til utvalet i neste møte.

Sekretariatet kan, i samråd med leiar, tinge ekstraordinære kontrollhandlingar når det haster å få sett i gang kontrollen.

Sekretariatet kan, i samråd med leiar, kalle inn til ekstraordinært møte i kontrollutvalet når dette er naudsynt.

## § 7 Revisjon

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

Kontrollutvalet kan evaluere revisjonsordninga og tilpasse denne til lovmessige krav og kommunestyret sitt tilsynsbehov.

Kontrollutvalet legg opp til revisjonsordning tilpassa kommunestyret sitt tilsynsbehov. Kommunestyret vedtek revisjonsordning og val av revisor etter tilråding frå kontrollutvalet.

Dato: 02.01.2015

Vår referanse: 15/7

Arkiv: FE-033

## Framlegg til reglement for høyringar i Fjaler kontrollutval

### § 1. Verkeområde og føremål

1. Kontrollutvalet kan halde høyringar innan sitt ansvarsområde. Med høyring vert meint eit møte i kontrollutvalet der ein mottar munnlege forklaringar frå personar som er bedne om å møte for å få belyst ei spesiell sak eller eit saksområde.
2. Føremålet med reglementet er å sikre kontrollutvalet og kommunestyret sitt informasjonsbehov i kontroll saker og ei god framdrift i høyringa, samtidig som omsynet til dei innkalla sin rettstryggleik vert ivareteken.
3. Kontrollutvalet sine høyringar skal haldast i tråd med dette reglementet.

### § 2. Førebuing av høyring

1. Kontrollutvalet kan med vanleg fleirtal bestemme at det skal haldast høyring i ei kontrollsak, og kven som skal kallast inn for å møte. Høyringa skal i utgangspunktet vere open, men kontrollutvalet kan likevel med vanleg fleirtal bestemme at heile eller deler av høyringa skal vere lukka. Avgjerda om heilt eller delvis å gjennomføre høyringa for lukka dører må grunngjevast med gyldig lovheimel.
2. Kontrollutvalet må klart definere føremålet med høyringa og kva utvalet ventar å oppnå. I tillegg bør kontrollutvalet ha ein forventing om kva lærdom som kan trekkast ut av høyringa kontra bruk av andre verkemiddel.
3. Før høyringa gjennomfører kontrollutvalet særskilde saksførebuinge møte. Kontrollutvalet bør gå gjennom dei problemstillingane som ein ønskjer å belyse, med sikte på å gjere utspørjinga mest mogeleg effektiv. Utvalet må også ta stilling til kor mykje bakgrunnsinformasjon som er naudsynt å innhente for gjennomføringa. Vidare bør det fastsetjast ein framdriftsplan for høyringa.
4. Under dei saksførebuinge møta bestemmer kontrollutvalet kven som skal veljast som hovudutspørjar under høyringa, jf § 4 tredje ledd. Kontrollutvalet kan i tillegg til hovudutspørjar, også velje fleire utspørjarar blant utvalet sine medlemar. Valet av hovudutspørjarar bør skje ut frå omsynet til å få saka allsidig belyst.

### § 3. Den innkalla si stilling

1. Rådmannen har møteplikt ved innkalling til høyring. Andre tilsette i kommunen kan kallast inn direkte for å møte i høyring. Rådmannen skal i slike tilfelle alltid varslast, og gjevast høve

til å vere til stades. Spørsmål stillast direkte til den innkalla, men rådmannen skal gjevast høve til å supplere forklaringa om ønskjeleg.

2. Eksterne aktørar kan inviterast til å møte til høyring for å gje opplysningar.
3. Den som kallast inn / inviterast til å møte til høyring, skal varslast i så god tid som mogeleg. Innkallinga skal opplyse om den eller dei saker som kontrollutvalet ønskjer forklaring om. Kopi av dette reglement skal leggjast ved. Det skal vidare opplysast om at høyringa skal vere open, og om at det skal skrivast referat. Dei som møter skal ha tilgang til kontrollutvalet sine saksdokument med mindre reglar om unnatak frå offentleg innsyn / teieplikt tilseier noko anna.
4. Dersom eit spørsmål ikkje kan svarast på utan å røpe opplysningar som er underlagt lovbestemt teieplikt, bør den innkalla gjere kontrollutvalet merksam på dette. Den innkalla kan be kontrollutvalet om å få forklare seg heilt eller delvis for lukka dører. Dersom eit slikt spørsmål kjem opp, skal kontrollutvalet avbryte høyringa, og handsame spørsmålet i lukka møte.
5. Den innkalla skal ha høve til å peike ut ein person som vedkomande møter saman med. Den innkalla har rett til å konferere med denne personen før svar på spørsmål. Dersom møteleiar gir høve til dette, kan også denne personen supplere forklaringa til den innkalla. Dersom den som møter saman med den innkalla krev honorar, må dekking av slike utgifter avklarast på førehand.

#### § 4. Gjennomføring av høyringa

1. Kontrollutvalet sin leiar skal innleiingsvis orientere om temaet for høyringa og dei prosedyrar som gjeld. Leiaren ser til at spørsmåla held seg innanfor det tema som er oppgitt, og at den innkalla sin rettstryggleik vert ivareteken.
2. Før kontrollutvalet startar utspørjinga, skal den innkalla gjevast inntil 10 minutt til å gi sin versjon av saka. Leiaren kan utvide den innkalla si taletid i den grad det vert sett på som naudsynt for å opplyse saka.
3. Høyringa vert innleia med at den valde hovudutspørjar stiller sine spørsmål. Deretter får dei andre medlemene i kontrollutvalet ordet til spørsmål i den rekkefølge dei ber om dette. Etter at utspørjinga er ferdig, skal den innkalla gjevast høve til å gi ein kort sluttkommentar.
4. Meiningsutveksling mellom kontrollutvalet sine medlemar skal ikkje finne stad under høyringa. Medlemene skal heller ikkje kommentere dei svar som vert gjevne, anna enn der dette går inn som ein naturleg del av eit oppfølgingsspørsmål. Upassande eller fornærmande åtferd eller spørsmål er ikkje tillate. Dette skal påtalast av møteleiar.
5. Eit medlem av kontrollutvalet kan krevje at høyringa vert avbroten for at kontrollutvalet skal behandle den vidare framdrifta, inkludert framlegg om at høyringa skal avsluttast eller halde fram for lukka dører. Kontrollutvalet kan berre ta mot teiepliktbelagde opplysningar for lukka dører. Under open høyring må kontrollutvalet sine medlemar ikkje gjengi eller vise til opplysningar som er underlagt lov- eller instruksfesta teieplikt.

#### § 5. Etterarbeid

1. Kontrollutvalet skal utarbeide rapport frå høyringa. Rådmannen skal gjevast høve til å uttale seg til rapporten, jf koml § 77 nr 6. Rådmannen sin uttale skal ligge ved rapporten.
2. Rapporten vert send over til kommunestyret for slutthandsaming, med innstilling frå kontrollutvalet.



# SEKOM-sekretariat

<b>Saksgang</b> Fjaler kontrollutval	<b>Møtedato</b> 12.01.2015	<b>Saksnr</b> 006/15
-----------------------------------------	-------------------------------	-------------------------

<b>Sakshandsamar:</b> Audhild Ragni Vie Alme	<b>Arkiv:</b> FE-033	<b>Arkivsaknr.:</b> 14/367
-------------------------------------------------	-------------------------	-------------------------------

## Møteplan 2015 for Fjaler kontrollutval

### Vedlegg:

<b>Dok.dato</b>	<b>Tittel</b>	<b>Dok.ID</b>
15.12.2014	Møteplan 2015 Fjaler kommune, datert 21.11.2014	1105

### Tilråding:

*(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).*

Møteplan 2015 for Fjaler kontrollutval vert godkjent med følgjande datoar:  
12. januar, 8 mai, 10. september og 30. oktober.

### Saksutgreiing:

I arbeidet med å koordinere møta til kontrollutvala i SEKOM-sekretariat sitt område, og for at kontrollutvalsmedlemene skal kunne koordinere sine planar og gjeremål, har ein funne det tenleg å lage planar for kva tid kontrollutvalsmøta skal haldast i dei 15 kommunane.

I planen for kvar kommune er det, teke omsyn til kva tid det skal vere formannskaps- og kommunestyremøte. Planen må sjåast på som eit utgangspunkt for møte. Det kan kome endringar som følgje av saker som kjem til og som hastar, eller av andre årsaker. Møteinnkalling vert sendt ut ei veke før møtedato.

Nedanfor er det sett opp samla møteplan 2015 for kontrollutval, formannskap og kommunestyre i Fjaler.

MÅNAD	JAN	FEB	MAR	APR	MAI	JUN	JUL	AUG	SEP	OKT	NOV	DES
KONTROLLUTVAL	12				8				10	30		
FORMANNSKAP	20	24	24	21	26	23		25	15	27	10	1
KOMMUNESTYRE	26		16		4	22			7	.5/26	16	14

Nytt kommunestyre etter valet 14 september, vert konstituert i møte 5. oktober, og 26. oktober er sett opp med heildag opplæring, jfr. Møteplan 2015 for Fjaler kommune datert 21.11.2014.

SEKOM-sekretariat startar med møter og opplæring av kontrollutvala, etter at kommunane har føreteke val av nye kontrollutval og sendt ut opplysningar om dette.

**FJALER KOMMUNE**  
**Ordfører**

Kommunestyret

Vår ref.  
03/856-39/AHE  
14/9491

Dykkar ref.

Arkiv  
K1-033, GBR-

Dato:  
21.11.2014

**Møteplan 2015**

Eg har sett opp følgjande møteplan for 2015:

<b>Månad</b>	<b>Formannskap</b>	<b>Kommunestyre</b>
Januar	20.	26. (kl. 14)
Februar	24.	
Mars	24.	16. (kl. 19)
April	21.	
Mai	26.	4. (kl. 14)
Juni	23.	22. (kl. 12)
Juli		
August	25.	
September	15.	7. (kl. 14)
Oktober	27.	5. (kl. 14) (konstituering) 26. (heildag) (opplæring)
November	10.	16. (kl. 19)
Desember	1.	14. (kl. 12)

Måndag er møtedag i kommunestyret, medan formannskapet har tysdag som møtedag.

Møtestart for formannskapet er kl. 08.30. og kommunestyret kl. 14.00. om ikkje anna vert kunngjort.

I både formannskapet og kommunestyret sine møte vil ein i tillegg til ordinære saker ha ulike tema/presentasjonar.

Møte i valstyret vert som hovudregel halde i samband med møte i formannskapet.

Møte i adm.utvalet vert halde etter behov.

Med helsing

Arve Helle  
*ordfører*

Direkte tlf: 91737562

# SEKOM-sekretariat

<b>Saksgang</b> Fjaler kontrollutval	<b>Møtedato</b> 12.01.2015	<b>Saksnr</b> 007/15
-----------------------------------------	-------------------------------	-------------------------

<b>Sakshandsamar:</b> Audhild Ragni Vie Alme	<b>Arkiv:</b> FE-040	<b>Arkivsaknr.:</b> 14/397
-------------------------------------------------	-------------------------	-------------------------------

## Årsmelding 2014 - Fjaler kontrollutval

### Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
23.12.2014	Årsmelding 2014 - Fjaler kontrollutval	1172

### Tilråding:

*(Saka går vidare til kommunestyret).*

Årsmelding 2014 frå Fjaler kontrollutvalet vert godkjent.

.

### Saksutgreiing:

Utkast til årsmelding 2014 frå Fjaler kontrollutval til kommunestyret følgjer vedlagt.

Årsmeldinga er stila til kommunestyret og er eit ledd i rapporteringa til dette organet, jfr. kommunelova § 77 pkt. 6, som seier at kontrollutvalet skal rapportere resultatet av sitt arbeid til kommunestyret.

Årsmeldinga inneheld opplysningar om medlemmer i kontrollutvalet, kven som har vore sekretariat og revisor for kontrollutvalet, omtale av saker som har blitt handsama og sendt vidare til kommunestyret, orienteringar frå rådmannen, og rekneskaps- og forvaltningsrevisjon.

Utkast frå SEKOM-sekretariat, 5.1.2015

# Fjaler kontrollutval Årsmelding 2014



## **Kontrollutvalet si handsaming**

Dato:

Saksnummer:

Referanse: 14/933

## Innleiing

Virkeområda til kontrollutvalet er fastsett i kommunelova § 77. Til denne paragrafen er det ei eiga forskrift: Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Kontrollutvalet skal føre tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltinga på vegner av kommunestyret, og sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

SEKOM-sekretariat har vore sekretariat for kontrollutvalet i 2014.

KRYSS Revisjon har vore revisor både for rekneskaps-/og forvaltningsrevisjon.

## Medlemar

Faste medlemar	
1	Magne Norddal, leiar
2	Anny Mari Holm Solheim, nestleiar
3	Geir Tessem
Personlege varamedlemar	
1	Randi Engen
2	Eivind Antonisen
3	Sissel Vagstad

## Møte og saker

Utvalet hadde 4 møte i 2014 og handsama 34 saker. I 2013 var det 4 møte og 31 saker.

### Saker til kommunestyret

Desse sakene har gått vidare frå kontrollutvalet til kommunestyret anten til handsaming eller til orientering:

Møtedato	Sak nr	Sakstittel
7.2.2014	4	Årsmelding 2013 frå kontrollutvalet i Fjaler
23.5.2014	12	Årsrekneskapa 2013 – Fjaler kommune
	13	Sluttrekneskap for investeringsprosjekt nr. 2280 Dingemoen skule – nytt ventilasjonsanlegg
	14	Sluttrekneskap for investeringsprosjekt nr. 2253 Dingemoen skule – ombygging bassengareal
	15	Sluttrekneskap for investeringsprosjekt nr. 2287 Fjalerhuset – Ny takteking
	16	Sluttrekneskap for investeringsprosjekt nr. 2510 Øyra buområde – ny bueining
	17	Sluttrekneskap for investeringsprosjekt nr. 2667 Våge skule – nytt ventilasjonsanlegg
	18	Sluttrekneskap for investeringsprosjekt nr. 2725 Kommunal veg – bru over Skarselva
	19	Rekneskap 2013 – Driftsselskapet for Dingemoen Idrettspark
16.9.2014	25	Budsjett for kontrollutvalet i Fjaler 2015
12.11.2014	30	Forvaltningsrevisjonsprosjekt: Rutinar rundt sjukefråvær

**Orienteringar frå rådmannen**

Kontrollutvalet har fått orientering frå rådmannen i følgjande saker i løpet av 2014:

Møtedato	Sak nr	Tema for orientering
7.2.2014	5	Orientering om HAFS barnevern
23.5.2014	11	Orientering om bruk av utviklingsfondet
16.9.2014	24	Informasjon om pågåande prosjekt og bruk av personell i samband med dette

**Forvaltningsrevisjon og selskapskontroll**

Det har ikkje vore gjennomført selskapskontroll i 2014.

Forvaltningsrevisjonsrapport «Rutinar rundt sjukefråvær – Fjaler kommune» vart sendt over til kommunestyret 13.11.2014.

**Rekneskapsrevisjon**

KRYSS Revisjon orienterte om rekneskapsrevisjon for 2014 i møte 12.11.2014, sak 032/14.

Kontrollutvalet tok eigenvurdering til oppdragsansvarleg revisor for Fjaler kommune til orientering i møte 7.2.2014, sak 06/14.

**Oppsummering**

Alle saklister med vedlegg og møtebøker for kontrollutvalet er tilgjengeleg på sekretariatet sine nettsider: [www.sekom.no](http://www.sekom.no).

**Underskrifter**

Dale, 12.1.2014

\_\_\_\_\_  
Magne Norddal

\_\_\_\_\_  
Anny Mari Holm Solheim

\_\_\_\_\_  
Geir Tessem

# SEKOM-sekretariat

<b>Saksgang</b> Fjaler kontrollutval	<b>Møtedato</b> 12.01.2015	<b>Saksnr</b> 008/15
-----------------------------------------	-------------------------------	-------------------------

<b>Sakshandsamar:</b> Audhild Ragni Vie Alme	<b>Arkiv:</b> FE-040	<b>Arkivsaknr.:</b> 14/308
-------------------------------------------------	-------------------------	-------------------------------

## Oppfølgingsliste 1-2015

### Vedlegg:

### Tilråding:

*(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).*

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering.

### Saksutgreiing:

Status over saker som er handsama i kontrollutvalet og som utvalet skal følgje opp eller sjekke ut seinare.

Sak	Dato	Status
23/09 Kontrollutvalsarbeid - tiltak	6.11.2009	- Orientering frå rådmannen om dei ulike driftsområda - Tertialrapportar - Tilsynsrapportar frå Fylkesmannen og andre - Orientering frå revisor om finansiell revisjon og generelt - Revisor legg fram rapportar etter kvalitetskontrollar.
Mulig forvaltningsrevisjonsprosjekt	17.9.2014	Sjå på eigarskapen i selskap. Sendt e-post til revisor/rådmannen
– Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Rutinar rundt sjukefråværet.	16.9.2013 16.9.2013 1.11.2013 20.10.2014 12.11.2014	Sak 021/13 Tinging vedteken Tinging sendt til KRYSS-revisjon for operasjonalisering.Sak 028/13 Prosjektplan vedteken Leveringsfrist: November 2014 Rapport levert av KRYSS Revisjon Sak 030/14 Vedtak: Kontrollutvalet viser til forvaltningsrevisjonsrapport «Rutinar rundt sjukefråvær – Fjaler kommune» datert 20.10.2014, og sender rapporten over til kommunestyret for handsaming med følgjande tilråding om vedtak: Kommunestyret tek forvaltningsrevisjonsrapport «Rutinar rundt sjukefråvær – Fjaler kommune» datert 20.10.2014 til orientering, og ber rådmannen ta tilrådingane frå revisor med seg i det vidare arbeidet for å sikre at oppfølging av sjukmeldte skjer innanfor aktuelle fristar.

	13.11.2014	Rådmannen vil innan 1.7.2015 informere kontrollutvalet om kva som er gjort i forhold til tilrådingane i rapporten. Sendt Fjaler kommune/kommunestyret.																								
025/14 Budsjett for kontrollutvalet i Fjaler 2015	16.9.2014	Vedtak: Kontrollutvalet tilrår følgjande budsjett for drift av kontrollutvalet på teneste 11051: <table border="1" data-bbox="683 324 1193 539"> <thead> <tr> <th>Konto</th> <th></th> <th>Sum 2015</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>10800</td> <td>Godtgjerlse folkevalde</td> <td>14 000</td> </tr> <tr> <td>11303</td> <td>Telefon</td> <td>1 500</td> </tr> <tr> <td>11600</td> <td>Skyss og diettgodgjersle</td> <td>2 000</td> </tr> <tr> <td>10990</td> <td>Arbeidsgjevaravgift</td> <td>1 500</td> </tr> <tr> <td>11500</td> <td>Opplæring, kurs, seminar</td> <td>15 000</td> </tr> <tr> <td>11959</td> <td>Kontingent FKT</td> <td>1 500</td> </tr> <tr> <td></td> <td><b>Samla drift kontrollutvalet</b></td> <td><b>35 500</b></td> </tr> </tbody> </table>	Konto		Sum 2015	10800	Godtgjerlse folkevalde	14 000	11303	Telefon	1 500	11600	Skyss og diettgodgjersle	2 000	10990	Arbeidsgjevaravgift	1 500	11500	Opplæring, kurs, seminar	15 000	11959	Kontingent FKT	1 500		<b>Samla drift kontrollutvalet</b>	<b>35 500</b>
Konto		Sum 2015																								
10800	Godtgjerlse folkevalde	14 000																								
11303	Telefon	1 500																								
11600	Skyss og diettgodgjersle	2 000																								
10990	Arbeidsgjevaravgift	1 500																								
11500	Opplæring, kurs, seminar	15 000																								
11959	Kontingent FKT	1 500																								
	<b>Samla drift kontrollutvalet</b>	<b>35 500</b>																								
	16.9.2014	Sendt til Fjaler kommune/kommunestyret.																								
031/14 Val og tinging av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt	12.11.2014	Vedtak: Saka vert utsett																								
033/14 Eventuelt	12.11.2014	Vedtak: Første møte i 2015 vert 12. januar. Dagleg leiar Ingunn Eiken i Vevang produksjon AS vert invitert til møtet for å gje ei orientering om bedrifta, mellom anna driftsomfang, økonomi, og korleis eigar engasjerer seg i bedrifta.																								
	13.11.2014	Sendt e-post med invitasjon til dagleg leiar Ingunn Eiken i Vevang produksjon.																								
	14.11.2014	Tilsendt informasjon om Vevang produksjon frå dagleg leiar.																								



# SEKOM-sekretariat

<b>Saksgang</b> Fjaler kontrollutval	<b>Møtedato</b> 12.01.2015	<b>Saksnr</b> 009/15
-----------------------------------------	-------------------------------	-------------------------

<b>Sakshandsamar:</b> Audhild Ragni Vie Alme	<b>Arkiv:</b> FE-	<b>Arkivsaknr.:</b> 15/10
-------------------------------------------------	----------------------	------------------------------

## Eventuelt

### Vedlegg:

Ingen vedlegg i saka.

### Tilråding:

*(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).*